# *SEKOM-sekretariat*

***Sekretariat for dei kommunale kontrollutvala i Askvoll, Bremanger, Eid, Fjaler, Flora, Førde, Gaular, Gloppen, Gulen, Hornindal, Hyllestad, Jølster, Naustdal, Solund og Stryn***


## Innkalling til møte i Kontrollutval - Flora kommune

| | |
|---|---|
| **Utval:** | **Kontrollutval - Flora kommune** |
| **Møtedato:** | **19.04.2013** |
| **Møtetid:** | **09:30** |
| **Stad:** | **Møterom: Flora samfunnshus - Ytterøyane** |
| **Møtenr.:** | **4/2013** |
| **Innkalling:** | **Faste medlemmer i utvalet. Rådmannen (rekneskapsførar) sakene 22-25/13. Revisor sakene 22-25/13. Daglege leiarar for respektive KF sakene 22-25/13.** |
| **Melding til:** | Ordførar(møterett), revisor (møterett) og varamedlemer (Varamedlemer møter etter nærmare innkalling). |

**Dersom De ikkje kan møte, gje melding på telefon 976 15 363 eller på e-postadresse: post@sekom.no.**

### SAKLISTE

Sak 020/13 Godkjenning av innkalling og sakliste. (kl. 09.30)
Sak 021/13 Skriv og meldingar.
Sak 022/13 Årsrekneskapen Havhesten KF. (kl. 10.00)
Sak 023/13 Årsrekneskapen Flora Hamn KF. (kl. 10.30)
Sak 024/13 Årsrekneskapen Innvandrarsenteret KF.(kl.11.00)
Sak 025/13 Årsrekneskapen Kjøkkenservice KF. (kl. 11.20) (Denne saka vert ettersendt).
Sak 026/13 Val av eining for møte 13.05.2013.
Sak 027/13 Oppfølgingsliste 4-2013 – Flora.
Sak 028/13 Eventuelt.

Flora, 12.04.2013.

Bjarne Holme (s)
Leiar

Asgeir Tveit

Asgeir Tveit
SEKOM-sekretariat


| Postadresse | Kontoradresse | E-post | Telefon | Telefaks | Org nr. | Bankgiro |
|---|---|---|---|---|---|---|
| Postboks 338<br>6802 FØRDE | Hafstadvegen 21 | post@sekom.no | 57 82 22 90 At<br>976 15 363 At<br>57 82 02 00 Vø<br>951 39 762 Vø | 57 72 20 10 | 987 631 554 | 3705.08.32571 |

# 020/13 GODKJENNING INNKALLING OG SAKLISTE

**Sakshandsamar:** Asgeir Tveit. SEKOM- sekretariat
**Dato:** 11.04.2013

| Utval | Dato | Utv.- Saksnr. | Status | Vedtaks- organ |
|---|---|---|---|---|
| Kontrollutvalet | 19.04.2013 | 020/13 | - | Ja |
| Formannskap | - | - | - | Nei |
| Kommunestyret | - | - | - | Nei |

## KONTROLLUTVALET SITT VEDTAK

# 021/13 SKRIV OG MELDINGAR

**Sakshandsamar:** Asgeir Tveit. SEKOM- sekretariat
**Dato:** 09.04.2013.

| Utval | Dato | Utv.-Saksnr. | Status | Vedtaks-organ |
|---|---|---|---|---|
| Kontrollutvalet | 19.04.2013 | 021/13 | - | Ja |
| Formannskap | - | - | - | Nei |
| Bystyre | - | - | - | Nei |

**Saksvedlegg**

SM 24-13: Vedtak bst sak 029/13 Kontrollutvalet – årsmelding 2012.
SM 25-13: Brev frå Furuhaugane barnehage SA til kontrollutvalet i Flora.
SM 26-13: Brev frå Flora kommune til Sekom sekretariat om Tilskot til private barnehagar i Flora kommune, datert 21.03.2012.
SM 27-13: Brev frå Fylkesmannen i S og Fj om Flora kommune – godkjenning av budsjett 2013 og økonomiplan 2013 – 2016.
SM 28-13: Revisjonsuttale – spelemiddelrekneskapen for Flora kommune – Nordsjøløypa Hovden, sanitæranlegg.
SM 29-13: Årsrekneskapen Alden Hamneområde.
SM 30-13: Vedtak bst sak 030/13 Referatsaker.

**Tilråding frå sekretariat til kontrollutvalet:**

- Skriv og meldingar vert tekne til vitande.

**KONTROLLUTVALET SITT VEDTAK:**

Saksutgreiing

**SKRIV OG MELDINGAR**

Sakshandsamar: SEKOM-sekretariat v/Asgeir Tveit

**Innleiing – Kva saka gjeld**

Skriv og meldingar som vert lagt fram i møtet.

**Saksopplysningar:**

I saka ligg alle skriv og meldingar som har kome til sidan førre kontrollutvalsmøte.

Kontrollutvalet må vurdere om det er skriv/meldingar som bør løftast opp som eiga sak. Dersom det ikkje er skriv/meldingar som skal løftast opp som eiga sak, bør ”skriv og meldingar” takast til vitande eller det kan gjevast ein kommentar til det enkelte skrivet.

**Sekretariatet sine vurderingar:**

SM 24-13

FLORA
KOMMUNE

| Saksgang | Møtedato | Saksnr |
|---|---|---|
| Bystyret | 09.04.2013 | 029/13 |

**Sakshandsamar:**
Linda Nipen Asphjell

**Arkiv:** K1-033, K3-&14 **Arkivsaknr**
**Objekt:** 12/51

# KONTROLLUTVALET - ÅRSMELDING 2012

**Kva saka gjeld:**
Vedlagt følgjer årsmelding frå kontrollutvalet for 2012.

**FRAMLEGG TIL VEDTAK:**

Årsmeldinga frå kontrollutvalet vert tatt til vitande.

**09.04.2013 BYSTYRET**

***Røysting:***
Tilrådinga vart samrøystes vedteken.

**BYST-029/13 VEDTAK:**

Årsmeldinga frå kontrollutvalet vert tatt til vitande.

Terje Heggheim
rådmann

Linda Nipen Asphjell
kommunalsjef økonomi

Furuhaugane barnehage SA
Furustien 4
6900 FLORØ

SH 25-13

Florø, 9. april 2013

Kontrollutvalet Flora Kommune
Kryssrevisjon
v/Bjarne Holme

## Historisk oversikt kommunalt tilskot til Furuhaugane barnehage

Fram til forskrift om likeverdig behandling av barnehagar i høve offentleg tilskot og forskrift om foreldrebetaling i 2004 var barnehagens økonomi tufta på foreldrebetaling og statstilskot. I tillegg fekk vi refundert lønn til to-språkleg assistent, og ekstraressurs knytt barn med særskilde behov frå Flora Kommune. I denne perioden hadde vi ikkje søskenmoderasjon for barn nummer to og tre.

I 2004 (verknad frå 01.05) kom forskrift om foreldrebetaling (makspris), og søskenmoderasjon. Som kompensasjon for innføring av makspris auka staten satsane for statstilskot. I denne perioden var barnehagens økonomi tufta på foreldrebetaling, statstilskot og skjønstilskot frå Flora Kommune. I tillegg fekk vi refundert lønn til to-språkleg assistent, og ekstraressurs knytt barn med særskilde behov frå Flora Kommune. Vi har stort sett ikkje fått tildelt skjønstilskotet frå Flora Kommune før i seint på hausten. I 2010 fekk vi tildet skjønstilskot i to omgangar juni og september. Når styret for barnehagen har vedteke driftsbudsjettet, har ein kvart år fått munnleg beskjed frå Flora Kommune sin representant i styremøte om at årets tilskot er omtrent som året før. I 2007 fekk vi kr. 975.146,- i skjønstilskot inkl. refusjon av søskenmoderasjon, i 2008 fekk vi kr. 1.303.659,- i skjønstilskot inkl. refusjon av søskenmoderasjon, i 2009 fekk vi kr. 1.269.163,- i skjønstilskot inkl. refusjon av søskenmoderasjon, og i 2010 fekk vi kr. 1.421.910,- i skjønstilskot inkl. refusjon av søskenmoderasjon.

Frå 2011 vart det øyremerka statstilskotet til drift av barnehagane innlemma i kommunens rammetilskot, og kommunen fekk alt ansvaret med å finansiere drifta av godkjente barnehagar. I 2011 fekk barnehagen i juni/juli eit førebels tildelingsbrev av kommunalt tilskot til drift i 2011 på kr. 6.907.000. Vi rekna med at vi ville få eit endeleg tildelingsbrev innan utgangen av 2011. Eg som styrar har med jamne mellomrom i 2012 hatt munnelege samtalar med Runa Nybakk, der eg har etterlyst endeleg vedtak for 2011 og vedtak om kommunalt tilskot for 2012. Kvar gong har tilbakemeldinga vore at vi skal få vedtaka snart. Sommaren 2012 var forretningsførar i kontakt med Runa Nybakk, og fekk då munnleg beskjed om at barnehagen hadde fått kr. 68.000,- for lite i tilskot for 2011. Når eg var attende frå ferie tok eg kontakt med Runa Nybakk for å etterlyse vedtaka igjen. Fekk då beskjed om at dei snart var klare. Dette har vore tilbakemeldinga kvar gong eg har etterlyst vedtak om kommunalt tilskot til drift av Furuhaugane barnehage.

Eg har ikkje vore i munnleg dialog om dette sidan eg sendte første brevet til Flora Kommune den 30.10.12 - manglande vedtak frå Flora Kommune om kommunalt tilskot jmf. Lov om barnehage § 14. I brevet etterlyste eg endeleg vedtak for 2011 og vedtak for 2012. 11.desember 2012 hadde styret for barnehagen styremøte, og styrets leiar spurde kva veit vi

Telefon 57 74 28 44
Mobil 95 76 21 29
epost. styrar.furuhaugane@barnehage.no
heimeside: www.furuhaugane.barnehage.no
org.nr. 962 334 059

om det kommunale tilskotet. Runa Nybakk sa i møtet at vi skulle få tilskotet i løpet av desember.

Den 21.12.12 sendte eg klage til Flora Kommune på manglande vedtak om kommunalt tilskot jmf lov om barnehagar § 14, med kopi til Fylkesmannen i Sogn og Fjordane og PBL (Private barnehagers landsforbund). Den 09.01.13 sendte Fylkesmannen brev til Flora Kommune, der dei bad kommunen snarast gjere greie for kva status er for vedtaka som blir etterspurt, med kopi til Fylkesmannen. Den 12.02.13 sendte barnehagen klage på Flora Kommune som barnehagemyndigheit – manglande vedtak om kommunalt tilskot til Furuhaugane barnehage jmf. Lov om barneahge § 14 til Fylkesmanne i Sogn og Fjordane, med kopi til Flora Kommune og PBL. Og den 12.03.13 sendte Fylkesmanne brev til Flora Kommune med kopi til oss om klage på manglande vedtak og tilbakemelding frå kommunen. I brevet ber dei igjen om at kommunen snarast gir barnehagen ei tilbakemelding om status for dei etterspurte vedtaka.

Det er snart fem månader sidan vi sendte det første formelle brevet der vi etterlyste endeleg vedtak for 2011 og vedtak for 2012. Barnehagen har ikkje fått noko tilbakemelding frå Flora Kommune våre brev eller klage. Etter forskrift om likeverdig behandling skal kommunen innan 1.februar kvart år opplyse om dei kommunale tilskotssatasna

Med venleg helsing

Kristin Hessvik
styrar

Telefon 57 74 28 44
Mobil 95 76 21 29
epost. styrar.furuhaugane@barnehage.no
heimeside: www.furuhaugane.barnehage.no
org.nr. 962 334 059

AL. Furuhaugane barnehage
Furustien 4
6900 FLORØ

Florø, 12.februar 2013

Fylkesmannen i Sogn og Fjordane
Njøsavegen 2
6863 LEIKANGER

**Klage på Flora Kommune som barnehagemyndigheit - manglande vedtak om kommunalt tilskot til Furuhaugane barnehage jmf. lov om barnehage §14**

Furuhaugane barnehage vil med dette klage på Flora Kommune som barnhagemyndigheit, med bakgrunn i manglande vedtak om kommunalt tilskot til Furuhaugane barnehage jmf. Lov om barnehage § 14, og Forskrift om likeverdig behandling ved tildeling av offentleg tilskot til ikkje kommunale barnehagar (rundskriv Nr. F-05/2011).

Etter at Flora Kommune tok over ansvaret for finansieringa av barnhagane i kommunen, er barnehagens økonomiske føresetnadar ikkje føreseielege i det heile. Vårt økonomiske handlingsrom er svært innskrenka, og barnehagen har inga mogelegheit til å kontrollere at vi får det vi skal i tilskot.

I forskrifta § 2 står det mellom anna at Kommunen skal dokumentere at tildeling skjer i samsvar med denne forskrifta. Utover brev datert 05.07.2011 «Førebels tildeling av kommunalt tilskot til drift av AL. Furuhaugane barnehage 2011», har ikkje Furuhaugane barnehage motteke noko form for skrifteleg dokumentasjon frå Flora Kommune i høve tilskot.

I det førebelse tildelingsbrevet datert 05.07.2011, står det mellom anna at førebels årssum syner kr. 6 907 000,-. Refusjon av søskenmoderasjon vert berekna og overført i eige brev.
I juni/juli 2012 fekk forretningsførar Atle Trettevik når han bad om å få utbetalt tilskot frå Kommunen, munnleg melding ved Runa Nybakk om at barnhagen hadde fått ca.kr. 68 000,- for lite i tilskot i 2011. Når styrar Kristin Hessvik var attende frå ferie, tok ho kontakt med Runa Nybakk for å etterlyse vedtak om tilskot, både det endelege vedtaket frå 2011 og eit førebels vedtak for 2012. Styrar fekk då munnleg melding om at barnehagen skulle få dette snart, og at det kunne sjå ut som at vi skulle ha endå litt meir enn det ho hadde antyda til forretningsførar. Styrar har purra munnleg på dette fleire gongar utan at barnehagen har motteke skriftelege vedtak frå Flora Kommune.

Furuhaugane barnehage etterlyste i brev datert 31.oktober 2012 endeleg vedtak om kommunalt tilskot for 2011 og vedtak om kommunalt tilskot for 2012 jmf. Lov om barnehage § 14 - Kommunalt tilskot til godkjente ikkje-kommunale barnehagar, og forskrift om likeverdig handsaming ved tildeling av offentleg tilskot til ikkje-kommunal barnehage.

Telefon 57 74 28 44
Mobil 95 76 21 29
epost. styrar.furuhaugane@barnehage.no
heimeside: www.furuhaugane.barnehage.no
org.nr. 962 334 059

Den 21.12.2012 sendte vi klage til Flora Kommune som barnehagemyndigheit på manglande vedtak, med kopi til Fylkesmannen i Sogn og Fjordane og PBL. 11.01.2013, mottok Furuhaugane barnehage kopi av brev sendt til Flora Kommune frå Fylkesmannen i Sogn og Fjordane.

I 2012 har Furuhaugane barnehage fått overført kr. 7 294 002,- i tilskot frå Flora Kommune, inkludert i dette er kr. 68 000,- som barnehagen fekk for lite utbetalt i 2011 jmf. Runa Nybakk. Furuhaugane barnehage har ikkje motteke noko for for skrifteleg utrekning på tilskot frå Flora i 2012.

Framleis har vi ikkje fått svar frå Flora Kommune på våre brev av 31.10.12 og 21.12.12.

Med venleg helsing

Kristin Hessvik

Kristin Hessvik
Dagleg leiar/styrar

Atle Jarl Trettevik (s)
Styrets leiar

Vedlegg:
1. Brev datert 17.06.11 frå Flora Kommune til Furuhaugane barnehage «Førebels tildeling av kommunalt tilskot til drift av AL. Furuhaugane barnehage 2011»
2. Brev datert 31.10.12 frå Furuhaugane barnehage til Flora Kommune «Manglande vedtak om kommunalt tilskot jmf. Lov om barnehage § 14»
3. Brev datert 21.12.12 frå Furuhaugane barnehage til Flora Kommune «Klage på manglande vedtak frå Flora Kommune om kommunalt tilskot jmf. Lov om barnehage §14»
4. Brev datert 09.01.13 frå Fylkesmannen i Sogn og Fjordane til Flora Kommune «Om klage på manglande vedtak om kommunalt tilskot for Furuhaugane barnehage».
5. Utvikling tilskot Furuhaugane barnehage

Kopi:
Flora Kommune v/barnehagemyndigheit pb 13, 6900 Florø
PBL, postboks 23 Stormyra 8088 Bodø

Telefon 57 74 28 44
Mobil 95 76 21 29
epost. styrar.furuhaugane@barnehage.no
heimeside: www.furuhaugane.barnehage.no
org.nr. 962 334 059

FLORA
KOMMUNE

FAG- OG
UTVIKLINGSAVDELING

A/L Furuhaugane barnehage
Furustien 4.

6900 FLORØ

Mottatt 5/7-11
K. Hessvik

| Vår ref. | Dykkar ref. | Dato: |
|---|---|---|
| 11/430-6/K1-223, K2-A10//RUNY | | Florø: 17.06.2011 |

# FØREBELS TILDELING AV KOMMUNALT TILSKOT TIL DRIFT AV A/L FURUHAUGANE BARNEHAGE 2011

Frå budsjettåret 2011 er det øyremerka statstilskotet til drift av barnehagar innlemma i kommunen sitt rammetilskot, og kommunen har fått alt ansvaret med å finansiere drifta av godkjende barnehagar.

Det kommunale tilskotet til ordinær drift av godkjende private barnehagar skal dekke kostnadar som ikkje vert dekka av andre offentlege tilskot og foreldrebetaling. Kostnadar til ordinær drift omfattar driftskostnadar, kapitalkostnadar og administrasjonskostnadar, og skal utgjere minimum 88% av det kommunale barnehagar gjennomsnittleg mottek i offentleg tilskot per heiltidsplass (jf kommunalt budsjett for 2011). I ei opptrapping fram mot 100% finansiering, vert det for våren 2011 berekna 88% og for hausten 2011 berekna 91% av gjennomsnittssatsar i kommunale barnehagar.

Flora kommune har gjort ei førebels berekning av tilskot til A/L Furuhaugane barnehage for 2011, med bakgrunn i

- Lov om barnehagar §14 "Kommunalt tilskot til godkjende ikkje-kommunale barnehagar"
- Forskrift om likeverdig behandling ved tildeling av offentlege tilskot til ikkje-kommunale barnehagar
- Rundskriv F-14/2010
- Årsmelding for A/L Furuhaugane barnehage per 15.12.10

Kort forklaring til vedlagde rekneark:

- Gjennomsnittskostnad for alle kommunale barnehagar ligg til grunn for berekninga
- Det er berekna bruttokostnad på kommunal foreldrebetaling slik at private barnehagar får berekna kompensasjon av søskenmoderasjon
- Ved berekning av kapitalkostnadar, har vi nytta nasjonale satsar
- Tal på barn pr 151210 ligg til grunn for berekning av tilskot både for vår 2011 og haust 2011
- Det er berekna 88% av gjennomsnittssatsar for vår 2011 og 91% av gjennomsnittssatsar for haust 2011

Vi har framleis uavklara faktorar som inneber at utmålinga av tilskottsatsane vil måtte bereknast på nytt.

- Flora kommune sitt budsjett for 2011 er ennå ikkje godkjent av fylkesmannen. I budsjettvedtaket som vart gjort av Flora bystyre 14. juni 2011, er det berekna salderingar

på alle kommunale tenesteeiningar. Den endelege fordelinga av vedteken saldering er ikkje klarlagt.

- Vi må avklare om omfang av endring i tal på plassar (barn over og under 3 år) i august skal ha konsekvensar for berekning av satsar
- Differanse mellom budsjett og rekneskap for kommunale barnehagar

Det er viktig for kommunen å leggje tilrette for at dei private barnehagane har sikre driftsrammer. Vi overfører nå eit førebels berekna tilskot med bakgrunn i vedlagde rekneark. Førebels årssum syner kr 6 907 000,- Summen vert utbetalt i månadlege rater den 12. i kvar månad. Allereie utbetalt tilskot 1. halvår går til fråtrekk ved første utbetaling.
Refusjon av søskenmoderasjon vert berekna og overført i eige brev.

Vi tek atterhald om eventuelle reknefeil. Vi viser elles til forskrifta §6 om reduksjon av kommunalt tilskot, §7 om opplysningsplikta til eigar, §8 om endringar i grunnlaget for kommunale tilskottssatsar, § 9 om vilkår for kommunalt tilskot og §10 om tilbakebetaling.

Det er høve til å klage på vedtak om kommunalt tilskot til Fylkesmannen i Sogn og Fjordane (jf forskrifta §12). På grunn av ferieavvikling vert klagefrist sett til 15. august 2011. Klage vert å sende til Flora kommune v/rådmannen, Markegata 51, 6900 Florø

For å få eit godt samarbeid mellom kommunen og private barnehagar, vil det i løpet av hausten 2011 bli arbeidd for å få til ei samarbeidsavtale mellom dei ulike partane. Dette skal sikre ei felles forståing av og ansvar for dei føresetnadar som skal ligge til grunn ved utmåling av tilskot. Vi vonar at ei slik avtale vil sikre eit godt og trygt tilbod for både barn og foreldre, og å få til ei effektiv sakshandsaming som gjev føreseiande økonomiske rammer for barnehagedrifta.

Med helsing

Guri Langaas
Kommunalsjef

Runa Hatlenes Nybakk
Barnehagefagleg konsulent

**Vedlegg: Rekneark som viser førebels berekning av kommunalt tilskot til A/L Furuhaugane barnehage**

**Kopi til:**
Økonomisjef Linda Nipen Asphjell
Rådmann Terje Heggheim
Økonomiavdelinga v/ Bodil Kløve

# Fordeling - alder og opphaldstid Furuhaugane bhg

| Privat Barnehage A periode 1 | 0 - 8 t | 9 - 16 t | 17 - 24 t | 25 - 32 t | 33 - 40 t | 41+ t | Sum |
|---|---|---|---|---|---|---|---|
| 0 - 2 år | 0 | 0 | 0 | 0 | 1 | 28 | 29 |
| 3 - 6 år | 0 | 0 | 2 | 1 | 2 | 33 | 38 |
| Sum | 0 | 0 | 2 | 1 | 3 | 61 | 67 |

| Privat Barnehage A periode 2 | 0 - 8 t | 9 - 16 t | 17 - 24 t | 25 - 32 t | 33 - 40 t | 41+ t | Sum |
|---|---|---|---|---|---|---|---|
| 0 - 2 år | 0 | 0 | 0 | 0 | 1 | 28 | 29 |
| 3 - 6 år | 0 | 0 | 2 | 1 | 2 | 33 | 38 |
| Sum | 0 | 0 | 2 | 1 | 3 | 61 | 67 |

| Privat Barnehage A periode 3 | 0 - 8 t | 9 - 16 t | 17 - 24 t | 25 - 32 t | 33 - 40 t | 41+ t | Sum |
|---|---|---|---|---|---|---|---|
| 0 - 2 år | | | | | | | 0 |
| 3 - 6 år | | | | | | | 0 |
| Sum | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 |

| Privat Barnehage A periode 4 | 0 - 8 t | 9 - 16 t | 17 - 24 t | 25 - 32 t | 33 - 40 t | 41+ t | Sum |
|---|---|---|---|---|---|---|---|
| 0 - 2 år | | | | | | | 0 |
| 3 - 6 år | | | | | | | 0 |
| Sum | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 |

| Privat Barnehage A periode 5 | 0 - 8 t | 9 - 16 t | 17 - 24 t | 25 - 32 t | 33 - 40 t | 41+ t | Sum |
|---|---|---|---|---|---|---|---|
| 0 - 2 år | | | | | | | 0 |
| 3 - 6 år | | | | | | | 0 |
| Sum | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 |

| Privat Barnehage A periode 6 | 0 - 8 t | 9 - 16 t | 17 - 24 t | 25 - 32 t | 33 - 40 t | 41+ t | Sum |
|---|---|---|---|---|---|---|---|
| 0 - 2 år | | | | | | | 0 |
| 3 - 6 år | | | | | | | 0 |
| Sum | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 |

# SSB nøkkel for gjennomsnittleg opphaldstid

| Omgjering til timar | timar |
|---|---|
| 0 - 8 t per veke | 6 |
| 9 - 16 t per veke | 13 |
| 17 - 24 t per veke | 21 |
| 25 - 32 t per veke | 29 |
| 33 - 40 t per veke | 37 |
| 41 + t per veke | 45 |

# Fordeling - alder og opphaldstid omgjort til timar i veka og deretter tal på heiltidsplassar

| Privat Barnehage A periode | 0 - 8 t | 9 - 16 t | 17 - 24 t | 25 - 32 t | 33 - 40 t | 41+ t | Sum | timar per heiltidsplass | tal heiltids-plassar |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| 0 - 2 år | 0 | 0 | 0 | 0 | 37 | 1260 | 1297 | 45 | 28,82 |
| 3 - 6 år | 0 | 0 | 42 | 29 | 74 | 1485 | 1630 | 45 | 36,22 |
| Sum | 0 | 0 | 42 | 29 | 111 | 2745 | 2927 | | 65,04 |

| Privat Barnehage A periode | 0 - 8 t | 9 - 16 t | 17 - 24 t | 25 - 32 t | 33 - 40 t | 41+ t | Sum | timar per heiltidsplass | tal heiltids-plasser |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| 0 - 2 år | 0 | 0 | 0 | 0 | 37 | 1260 | 1297 | 45 | 28,82 |
| 3 - 6 år | 0 | 0 | 42 | 29 | 74 | 1485 | 1630 | 45 | 36,22 |
| Sum | 0 | 0 | 42 | 29 | 111 | 2745 | 2927 | | 65,04 |

| Privat Barnehage A periode | 0 - 8 t | 9 - 16 t | 17 - 24 t | 25 - 32 t | 33 - 40 t | 41+ t | Sum | timar per heiltidsplass | tal heiltids-plasser |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| 0 - 2 år | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 45 | 0,00 |
| 3 - 6 år | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 45 | 0,00 |
| Sum | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | | 0,00 |

| Privat Barnehage A periode | 0 - 8 t | 9 - 16 t | 17 - 24 t | 25 - 32 t | 33 - 40 t | 41+ t | Sum | timar per heiltidsplass | tal heiltids-plasser |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| 0 - 2 år | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 45 | 0,00 |
| 3 - 6 år | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 45 | 0,00 |
| Sum | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | | 0,00 |

| Privat Barnehage A periode | 0 - 8 t | 9 - 16 t | 17 - 24 t | 25 - 32 t | 33 - 40 t | 41+ t | Sum | timar per heiltidsplass | tal heiltids-plasser |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| 0 - 2 år | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 45 | 0,00 |
| 3 - 6 år | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 45 | 0,00 |
| Sum | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | | 0,00 |

| Privat Barnehage A periode | 0 - 8 t | 9 - 16 t | 17 - 24 t | 25 - 32 t | 33 - 40 t | 41+ t | Sum | timar per heiltidsplass | tal heiltids-plasser |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| 0 - 2 år | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 45 | 0,00 |
| 3 - 6 år | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 45 | 0,00 |
| Sum | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | | 0,00 |

# Berekning av tilskot

| Privat Barnehage A periode | Sats per heiltids plass | Prosent del tilskot | Tilskot per heiltids-plass | Tal heiltids-plassar | Tal månader med tilskot | Sum tilskot i perioden |
|---|---|---|---|---|---|---|
| Driftstilskot 0 - 2 år | kr 157 287 | 88 % | kr 138 413 | 28,82 | 7 | kr 2 326 946 |
| Driftstilskot 3 - 6 år | kr 74 503 | 88 % | kr 65 563 | 36,22 | 7 | kr 1 385 229 |
| Kapitaltilskot | kr 7 800 | 88 % | kr 6 864 | 65,04 | 7 | kr 260 420 |
| Sum | kr 239 590 | | | | | kr 3 972 595 |

| Privat Barnehage A periode | Sats per heiltids plass | Prosent del tilskot | Tilskot per heiltids-plass | Tal heiltids-plassar | Tal månader med tilskot | Sum tilskot i perioden |
|---|---|---|---|---|---|---|
| Driftstilskot 0 - 2 år | kr 157 287 | 91 % | kr 143 131 | 28,82 | 5 | kr 1 718 767 |
| Driftstilskot 3 - 6 år | kr 74 503 | 91 % | kr 67 798 | 36,22 | 5 | kr 1 023 181 |
| Kapitaltilskot | kr 7 800 | 91 % | kr 7 098 | 65,04 | 5 | kr 192 356 |
| Sum | kr 239 590 | | | | | kr 2 934 303 |

| Privat Barnehage A periode | Sats per heiltids plass | Prosent del tilskot | Tilskot per heiltids-plass | Tal heiltids-plassar | Tal månader med tilskot | Sum tilskot i perioden |
|---|---|---|---|---|---|---|
| Driftstilskot 0 - 2 år | kr 157 287 | | kr - | 0,00 | | kr - |
| Driftstilskot 3 - 6 år | kr 74 503 | 0 % | kr - | 0,00 | 0 | kr - |
| Kapitaltilskot | kr 7 800 | 0 % | kr - | 0,00 | 0 | kr - |

| Sum | kr 239 590 | | | | | kr - |
|---|---|---|---|---|---|---|

| Privat Barnehage A periode | Sats per heiltids plass | Prosent del tilskot | Tilskot per heiltids-plass | Tal heiltids-plassar | Tal månader med tilskot | Sum tilskot i perioden |
|---|---|---|---|---|---|---|
| Driftstilskot 0 - 2 år | kr 157 287 | | kr - | 0,00 | | kr - |
| Driftstilskot 3 - 6 år | kr 74 503 | 0 % | kr - | 0,00 | 0 | kr - |
| Kapitaltilskot | kr 7 800 | 0 % | kr - | 0,00 | 0 | kr - |
| Sum | kr 239 590 | | | | | kr - |

| Privat Barnehage A periode | Sats per heiltids plass | Prosent del tilskot | Tilskot per heiltids-plass | Tal heiltids-plassar | Tal månader med tilskot | Sum tilskot i perioden |
|---|---|---|---|---|---|---|
| Driftstilskot 0 - 2 år | kr 157 287 | | kr - | 0,00 | | kr - |
| Driftstilskot 3 - 6 år | kr 74 503 | 0 % | kr - | 0,00 | 0 | kr - |
| Kapitaltilskot | kr 7 800 | 0 % | kr - | 0,00 | 0 | kr - |
| Sum | kr 239 590 | | | | | kr - |

| Privat Barnehage A periode | Sats per heiltids plass | Prosent del tilskot | Tilskot per heiltids-plass | Tal heiltids-plassar | Tal månader med tilskot | Sum tilskot i perioden |
|---|---|---|---|---|---|---|
| Driftstilskot 0 - 2 år | kr 157 287 | | kr - | 0,00 | | kr - |
| Driftstilskot 3 - 6 år | kr 74 503 | 0 % | kr - | 0,00 | 0 | kr - |
| Kapitaltilskot | kr 7 800 | 0 % | kr - | 0,00 | 0 | kr - |
| Sum | kr 239 590 | | | | | kr - |

| Privat barnehage A samla tilskot | Tal månader med tilskot | Sum tilskot i året |
|---|---|---|
| Driftstilskot 0 - 2 år | 12 | kr 4 045 713 |
| Driftstilskot 3 - 6 år | 12 | kr 2 408 410 |
| Kapitaltilskot | 12 | kr 452 776 |
| Sum | | kr 6 906 899 |
| TILDELING SAMLA FOR ÅRET | | kr 6 907 000 |
| Tildeling per månad | | kr 575 583,33 |

# Fordeling - alder og opphaldstid - kommunale barnehagar

| Kommunal Barnehage A | 0 - 8 t | 9 - 16 t | 17 - 24 t | 25 - 32 t | 33 - 40 t | 41+ t | Sum |
|---|---|---|---|---|---|---|---|
| 0 - 2 år | 0 | 0 | 6 | 15 | 12 | 141 | 174 |
| 3 - 6 år | 0 | 0 | 2 | 20 | 12 | 301 | 335 |
| Sum | 0 | 0 | 8 | 35 | 24 | 442 | 509 |

| Kommunal Barnehage B | 0 - 8 t | 9 - 16 t | 17 - 24 t | 25 - 32 t | 33 - 40 t | 41+ t | Sum |
|---|---|---|---|---|---|---|---|
| 0 - 2 år | | | | | | | 0 |
| 3 - 6 år | | | | | | | 0 |
| Sum | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 |

| Kommunal Barnehage C | 0 - 8 t | 9 - 16 t | 17 - 24 t | 25 - 32 t | 33 - 40 t | 41+ t | Sum |
|---|---|---|---|---|---|---|---|
| 0 - 2 år | | | | | | | 0 |
| 3 - 6 år | | | | | | | 0 |
| Sum | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 |

| Kommunal Barnehage D | 0 - 8 t | 9 - 16 t | 17 - 24 t | 25 - 32 t | 33 - 40 t | 41+ t | Sum |
|---|---|---|---|---|---|---|---|
| 0 - 2 år | | | | | | | 0 |
| 3 - 6 år | | | | | | | 0 |
| Sum | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 |

| Kommunale barnehager | 0 - 8 t | 9 - 16 t | 17 - 24 t | 25 - 32 t | 33 - 40 t | 41+ t | Sum |
|---|---|---|---|---|---|---|---|
| 0 - 2 år | 0 | 0 | 6 | 15 | 12 | 141 | 174 |
| 3 - 6 år | 0 | 0 | 2 | 20 | 12 | 301 | 335 |
| Sum | 0 | 0 | 8 | 35 | 24 | 442 | 509 |

# SSB nøkkel for gjennomsnittleg opphaldstid

| Omgjering til timar | timar |
|---|---|
| 0 - 8 t per veke | 6 |
| 9 - 16 t per veke | 13 |
| 17 - 24 t per veke | 21 |
| 25 - 32 t per veke | 29 |
| 33 - 40 t per veke | 37 |
| 41 + t per veke | 45 |

# Fordeling - alder og opphaldstid omgjort til timar i veka og deretter tal heiltidsplassar

| Kommunal Barnehage A | 0 - 8 t | 9 - 16 t | 17 - 24 t | 25 - 32 t | 33 - 40 t | 41+ t | Sum | timar per heiltidsplass | tal heiltidsplassar | Fordeling aldersgruppe | Kostnads-faktor | Korrigerte heiltidsplasser | Fordeling aldersgruppe korrigert |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| 0 - 2 år | 0 | 0 | 126 | 435 | 444 | 6345 | 7350 | 45 | 163,333 | 0,335 | 1,8 | 294,000 | 0,475 |
| 3 - 6 år | 0 | 0 | 42 | 580 | 444 | 13545 | 14611 | 45 | 324,689 | 0,665 | 1,0 | 324,689 | 0,525 |
| Sum | 0 | 0 | 168 | 1015 | 888 | 19890 | 21961 | | 488,022 | 1,000 | | 618,689 | 1,000 |

| Kommunal Barnehage B | 0 - 8 t | 9 - 16 t | 17 - 24 t | 25 - 32 t | 33 - 40 t | 41+ t | Sum | timar per heiltidsplass | tal heiltidsplassar | Fordeling aldersgruppe | Kostnads-faktor | Korrigerte heiltidsplasser | Fordeling aldersgruppe korrigert |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| 0 - 2 år | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 45 | 0,000 | 0,000 | 1,8 | 0,000 | 0,000 |
| 3 - 6 år | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 45 | 0,000 | 0,000 | 1,0 | 0,000 | 0,000 |
| Sum | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | | 0,000 | 0,000 | | 0,000 | 0,000 |

| Kommunal Barnehage C | 0 - 8 t | 9 - 16 t | 17 - 24 t | 25 - 32 t | 33 - 40 t | 41+ t | Sum | timar per heiltidsplass | tal heiltidsplassar | Fordeling aldersgruppe | Kostnads-faktor | Korrigerte heiltidsplasser | Fordeling aldersgruppe korrigert |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| 0 - 2 år | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 45 | 0,000 | 0,000 | 1,8 | 0,000 | 0,000 |
| 3 - 6 år | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 45 | 0,000 | 0,000 | 1,0 | 0,000 | 0,000 |
| Sum | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | | 0,000 | 0,000 | | 0,000 | 0,000 |

| Kommunal Barnehage D | 0 - 8 t | 9 - 16 t | 17 - 24 t | 25 - 32 t | 33 - 40 t | 41+ t | Sum | timar per heiltidsplass | tal heiltidsplassar | Fordeling aldersgruppe | Kostnads-faktor | Korrigerte heiltidsplasser | Fordeling aldersgruppe korrigert |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| 0 - 2 år | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 45 | 0,000 | 0,000 | 1,8 | 0,000 | 0,000 |
| 3 - 6 år | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 45 | 0,000 | 0,000 | 1,0 | 0,000 | 0,000 |
| Sum | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | | 0,000 | 0,000 | | 0,000 | 0,000 |

| Kommunale barnehager | 0 - 8 t | 9 - 16 t | 17 - 24 t | 25 - 32 t | 33 - 40 t | 41+ t | Sum | timar per heiltidsplass | tal heiltidsplassar | Fordeling aldersgruppe | Kostnads-faktor | Korrigerte heiltidsplasser | Fordeling aldersgruppe korrigert |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| 0 - 2 år | 0 | 0 | 126 | 435 | 444 | 6345 | 7350 | 45 | 163,33 | 0,335 | 1,8 | 294,000 | 0,475 |
| 3 - 6 år | 0 | 0 | 42 | 580 | 444 | 13545 | 14611 | 45 | 324,69 | 0,665 | 1,0 | 324,689 | 0,525 |
| Sum | 0 | 0 | 168 | 1015 | 888 | 19890 | 21961 | | 488,022 | 1,000 | | 618,689 | 1,000 |

AL. Furuhaugane barnehage
Furustien 4
6900 FLORØ



Florø, 31. oktober 2012

Flora Kommune
Postboks 13
6901 Florø

## Manglande vedtak frå Flora Kommune om kommunalt tilskot jmf lov om barnehage §14

Furuhaugane barnehage etterlyser endeleg vedtak om kommunalt tilskot for 2011 og vedtak om kommunalt tilskot for 2012 jmf. Lov om barnehage § 14 - Kommunalt tilskot til godkjente ikkje-kommunale barnehagar, og forskrift om likeverdig handsaming ved tildeling av offentleg tilskot til ikkje-kommunal barnehage.

I følgje rundskriv F-14/2010 skal kommunen innan 1. februar underrette dei ikkje-kommunale barnehagane om fastsette tilskotssatsar.

I 2011 mottok Furuhaugane barnehage førebels vedtak om kommunalt tilskot til drift av AL. Furuhaugane barnehage 05.07.11, og vi etterlyser endeleg vedtak om kommunalt tilskot for 2011.

For 2012 har Furuhaugane barnehage enno ikkje motteke vedtak om kommunalt tilskot for 2012, og vi etterlyser dette.

Med venleg helsing

Kristin Hessvik

Kristin Hessvik
Dagleg leiar/styrar

Atle Jarl Trettevik (s)
Styrets leiar

Telefon 57 74 28 44
Mobil 95 76 21 29

epost. styrar.furuhaugane@barnehage.no
heimeside: www.furuhaugane.barnehage.no
org.nr. 962 334 059

AL. Furuhaugane barnehage
Furustien 4
6900 FLORØ



Florø, 21. desember 2012

Flora Kommune
v/Barnehagemyndigheit
Postboks 13
6901 Florø

## Klage på manglande vedtak frå Flora Kommune om kommunalt tilskot jmf lov om barnehage §14

Furuhaugane barnehage etterlyste i brev datert 31.oktober 2012 endeleg vedtak om kommunalt tilskot for 2011 og vedtak om kommunalt tilskot for 2012 jmf. Lov om barnehage § 14 - Kommunalt tilskot til godkjente ikkje-kommunale barnehagar, og forskrift om likeverdig handsaming ved tildeling av offentleg tilskot til ikkje-kommunal barnehage.

Vi har ikkje motteke svar frå Flora Kommune på brev datert 31.10.2012, og vil med dette klage på manglande vedtak.

Med venleg helsing

Kristin Hessvik
Dagleg leiar/styrar

Atle Jarl Trettevik (s)
Styrets leiar

Kopi:
Fylkesmannen i Sogn og Fjordane, Njøsavegen 2 6863 Leikanger
PBL, postboks 23 Stormyra 8088 Bodø

Telefon 57 74 28 44
Mobil 95 76 21 29

epost. styrar.furuhaugane@barnehage.no
heimeside: www.furuhaugane.barnehage.no
org.nr. 962 334 059

FYLKESMANNEN
I SOGN OG FJORDANE

KOPI

Sakshandsamar: Anne Marte Wiland Sæle
Telefon: 57643107
E-post: fmsfase@fylkesmannen.no

| Vår dato | Vår referanse |
|---|---|
| 09.01.2013 | 2012/5217 - 611 |
| Dykkar dato | Dykkar referanse |
| 21.12.2012 | |

Flora kommune
Markegata 51
6900 Florø

## Om klage på manglande vedtak om kommunalt tilskot for Furuhaugane barnehage

Vi viser til klage på manglande vedtak om kommunalt tilskot frå Furuhaugane barnehage, dagsett 21.12.12.

Furuhaugane barnehage viser til at dei 31.10.12 etterlyste endeleg vedtak om kommunalt tilskot for 2011 og vedtak om kommunalt tilskot for 2012.

Vi ber kommunen snarast gjere greie for kva status er for vedtaka som blir etterspurt, med kopi til oss.

Med helsing

Aslaug Krogsæter
utdanningsdirektør

Anne Marte Wiland Sæle
rådgjevar

Kopi til
Furuhaugane barnehage Furustien 4 6900 FLORØ

# Utvikling tilskot - Furuhaugane barnehage/Flora Kommune

| År | 2009 | 2010 | 2011 | 2012 | 2013 |
|---|---|---|---|---|---|
| Tal barn 0-3 år/plassar | 27/25,2 | 27/26,2 | 29/28,8 | 24/23,5 | 21/19,9 |
| Tal barn 3-6 år/plassar | 43/37,8 | 42/38,5 | 38/36,2 | 42/41,2 | 47/45,8 |
| Sum barn/plassar pr. 15.12 (årsmeldingskjema) | 70/63 | 69/64,7 | 67/65 | 66/64,7 | 68/65,7 |
| | | | | | |
| statstilskot barn 0-3 år | 2566040 | 2769115 | | | |
| statstilskot barn 3-6 år | 2234130 | 2325300 | | | |
| kommunalt tilskot (skjønsmidlar) | 1078689 | 1335911 | | | |
| driftstilskot barn 0-3 år | | | 4045713 | | |
| driftstilskot barn 3-5 år | | | 2408410 | | |
| kapitaltilskot | | | 452776 | | |
| samla tilskot | **5878859** | **6430326** | **6907000** | **7294002** | |

inkl. kr. 68000 for lite utb i 2011.

| | | | | | |
|---|---|---|---|---|---|
| tilskot språkforståing | 36903 | 35427 | 30169 | 42667 | |
| refusjon søsken moderasjon | 95237 | 85999 | 95414 | 93361 | |
| refusjon tospråkleg ressurs | | 139570 | 183201 | 358764 | |
| refusjon ressurs barn med nedsett funksjonsevne | 496000 | 465000 | 122400 | 237000 | |
| kostpenger 100 kpr.mnd heil plass | 70400 | 70400 | 70400 | 70400 | |
| foreldrebetaling 2330 pr.mnd heil plass | 1526383 | 1579951 | 1570536 | 1572589 | |

**Statstilskot 2009**

pr heil plass under 3 år kr. 90360 (offentlege barnehagar)
pr heil plass under 3 år kr. 100270 (private barnehagar)
pr. heil plass over tre år kr. 50525 (offentlege barnehagar)
pr. heil plass over tre år kr. 55565 (private barnehagar)

**Statstilskot 2010**

pr heil plass under 3 år kr. 99075 (offentlege barnehagar)
pr heil plass under 3 år kr. 104305 (private barnehagar)
pr. heil plass over tre år kr. 52965 (offentlege barnehagar)
pr. heil plass over tre år kr. 58170 (private barnehagar)

**Nasjonale tilskuddssatser 2011**

små barn kr. 172400
store barn kr. 84000
kapitalkostn pr. plass kr. 7800
**Kommunal sats pr heiltidsplass 0-3 år kr. 157287**
88% av sats pr. heiltidplass 0-3 år kr. 138413 (01.01.-31.07)
91% av sats pr. heiltidplass 0-3 år kr. 143131 (01.08.-31.12)
**Kommunal sats pr heiltidsplass 3-5 år kr. 74503**
88% av sats pr. heiltidplass 3-5 år kr. 65563 (01.01.-31.07)
91% av sats pr. heiltidplass 3-5 år kr. 67798 (01.08.-31.12)
**kapitalkostn pr. plass**
88% av kapitaltilskot pr. heiltidsplass kr. 6864 (01.01.-31.07)
91% av kapitaltilskot pr. heiltidsplass kr. 7098 (01.08.-31.12)

**Nasjonale tilskuddssatser 2012**

små barn kr. 173500
store barn kr. 85000
kapitalkostn pr.plass kr. 7600
**Kommunal sats pr heiltidsplass 0-3 år kr. ?**
**Kommunal sats pr heiltidsplass 3-5 år kr. ?**

**Nasjonale tilskuddssatser 2013**

små barn kr. 181000
store barn kr. 88000
kapitalkostn kr. 7500
**Kommunal sats pr heiltidsplass 0-3 år kr. ?**
**Kommunal sats pr heiltidsplass 3-5 år kr. ?**

Kommunale barnehagar

Budsjett 2011

## Driftsutgifter:

| | | |
|---|---|---|
| Driftsutgifter | kr | 65 060 000,00 |
| - utgifter lærlingar | kr | - |
| - utgifter særskilt tilrettelegging | kr | 3 500 000,00 |
| Driftsutgifter justert | kr | 61 560 000,00 |

## Foreldrebetaling:

| | | |
|---|---|---|
| Foreldrebetaling opphald | kr | -13 024 000,00 |
| Foreldrebetaling kost | kr | -574 000,00 |
| Sum foreldrebetaling | kr | -13 598 000,00 |

## Berekning av sats per heiltidplass og opphaldstime - små og store barn:

| Aldersgruppe | fordeling driftsutgifter: del korr. heiltids-plasser | fordeling driftsutgifter: Beløp | | fordeling foreldrebetaling: del ukorr. heltids-plasser | fordeling foreldrebetaling: Beløp | | sum grunnlag offentlig finansiering små og store barn | | tal heiltids-plassar | adm. tillegg | sats per heiltids-plass | | tal timar i året | sats per opphalds-time | |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| 0 - 2 år | 0,48 | kr | 29 253 216 | 0,33 | kr | -4 551 036 | kr | 24 702 181 | 163,33 | 4 % | kr | 157 287 | 2 160 | kr | 72,82 |
| 3 - 6 år | 0,52 | kr | 32 306 784 | 0,67 | kr | -9 046 964 | kr | 23 259 819 | 324,69 | 4 % | kr | 74 503 | 2 160 | kr | 34,49 |
| Sum | 1,00 | kr | 61 560 000 | 1,00 | kr | -13 598 000 | kr | 47 962 000 | 488,02 | | | | | | |

## Kapitalkostnader

| | tal | Grunnlag | | Rente | Kapitalkostnad | |
|---|---|---|---|---|---|---|
| Tomteverdi per 01.01 | | kr | - | | | |
| Avskrivingsgrunnlag per 01.01 | | kr | - | | | |
| Avskriving i året | | | | | kr | 3 806 400 |
| Kalkulatorisk rente | | | | 3,46 % | kr | - |
| Sum kapitalkostnad | | | | | kr | 3 806 400 |
| Antall heiltidsplas | 488,02 | | | | | |
| Kapitalkostnader per plass | | | | | | 7 800 |
| Kapitalkostnader | 2 160 | | | | | 3,61 |

FYLKESMANNEN
I SOGN OG FJORDANE

Sakshandsamar: Anne Marte Wiland Sæle
Telefon: 57643107
E-post: fmsfase@fylkesmannen.no

| Vår dato | Vår referanse |
|---|---|
| 12.03.2013 | 2012/5217 - 611 |
| Dykkar dato | Dykkar referanse |
| 12.02.2013 | |

Flora kommune
Markegata 51
6900 Florø

## Om klage frå Furuhaugane barnehage på manglande vedtak og tilbakemelding frå kommunen

Vi viser til klage Flora kommune som barnehagemyndigheit og på manglande vedtak om tilskot for 2011 og 2012 frå Furuhaugane barnehage dagsett 12.03.2013. Vi viser også til klage på manglande vedtak om kommunalt tilskot frå Furuhaugane barnehage, dagsett 21.12.12. Barnehagen skriv at dei ikkje har fått noko skriftleg svar frå kommunen sidan dei først skriftleg etterlyste vedtaka 31.10.2012.

Fylkesmannen bad kommunen snarast gjere greie for status for dei etterspurte vedtaka i brev av 25.01.2013. Vi var i kontakt med kommunen per telefon 18.02.2013, og kommunen informerte då om at vedtaka var under arbeid, og at vedtaka for 2011 var ferdige og ville bli sendt ut i løpet av veka. Kommunen opplyste også om at dei har vore i dialog med styraren gjennom denne prosessen.

Vi viser til forvaltningslova § 11 om at forvaltningsorgan skal førebu og avgjere saker utan ugrunna opphald. I saker som gjeld enkeltvedtak skal kommunen gi førebels svar dersom dei ikkje kan svare på førespurnaden innan ein månad etter mottak. I det førebelse svaret skal kommunen grunngi kvifor førespurnaden ikkje kan svarast på før, og så vidt mogleg tidfeste når svar kan ventast.

Vi ber igjen om at kommunen snarast gir barnehagen ei tilbakemelding om status for dei etterspurte vedtaka.

Med helsing

for Aslaug Krogsæter
utdanningsdirektør

Anne Marte Wiland Sæle
rådgjevar

Kopi til
Furuhaugane barnehage Furustien 4 6900 FLORØ

SM 26-13

FLORA
KOMMUNE

KVALITET OG
UTVIKLING

SEKOM-sekretariat
postboks 338

6800 FØRDE

| Vår ref. | Dykkar ref. | Dato: |
|---|---|---|
| 12/498-43/K1-223, K2-A10//RUNY | | Florø: 21.03.2013 |

## GJELD TILSKOT TIL PRIVATE BARNEHAGAR I FLORA KOMMUNE

Til orientering sender vi kopi av brev til Furuhaugane barnehage, gjeldande klage på manglande vedtak om kommunalt tilskot.

Kopi av brevet til Furuhaugane barnehage er også sendt til Fylkesmannen i Sogn og Fjordane v/Utdanningsdirektøren.

Med helsing

Guri Langaas
Kommunalsjef

Runa Hatlenes Nybakk
Barnehagefagleg rådgjevar

**Vedlegg**


Postadr.: Markegata 51 6900 FLORØ | Besøksadr: | Telefon / faks: / | Bankgiro: 3775 07 09002 | E post: postmottak@flora.kommune.no Org.nr: MVA

FLORA
KOMMUNE

KVALITET OG
UTVIKLING

Furuhaugane barnehage v/Kristin Hessvik - dagleg leiar
Furustien 4.

6900 FLORØ

| Vår ref. | Dykkar ref. | Dato: |
|---|---|---|
| 12/498-41/K1-223, K2-A10//RUNY | | Florø: 21.03.2013 |

## GJELD KOMMUNALT TILSKOT TIL FURUHAUGANE BARNEHAGE

Vi viser til brev om manglande vedtak av kommunalt tilskot til Furuhaugane barnehage for 2011 og 2012, manglande korrespondanse og klage på Flora kommune sí utøving av barnehagemynda i høve dette.

Furuhaugane barnehage har fått tildelt kommunalt tilskot for 2011, på bakgrunn av berekna budsjett i 2011. Denne berekninga vart vidareført som tilskot i 2012.

Hausten 2012 fekk vi presentert rekneark og rettleiar for berekning av kommunalt tilskot, utarbeidd av PBL og KS. Kommunen har nå tatt dette arbeidsverktyet i bruk for å kunne berekne og dokumentere utgiftene til barnehagedrifta på ein betre måte.

Med bakgrunn i ulike utfordringar, har arbeidet med å fastsette endeleg kommunalt tilskot tatt mykje lenger tid enn det som er ønskjeleg. Dette handlar mellom anna om at kommunen ikkje budsjetterer på funksjon, noko som nå viser seg å gjere arbeidet med likebehandlinga til ein omfattande arbeidsprosess. I tillegg har økonomiavdelinga vår og andre som arbeider med likebehandling, i periodar hatt manglande kapasitet til fortløpande oppfølging av arbeidet på grunn av omfang av andre arbeidsoppgåver.

Flora kommune beklagar at det framleis ikkje ligg føre endeleg vedtak om tilskot til barnehagen, noko som vi veit går ut over planlegginga og den føreseiande drifta av Furuhaugane barnehage.

Arbeidet med likebehandlinga med bakgrunn i rekneskapstal for 2011 og 2012 er i gang. Vi håper å ha dette klart slik at vi kan gjere endeleg vedtak om tilskot for 2011 og 2012, og førebels tilskot for 2013, i første halvdel av april 2013.

Med helsing

Guri Langaas
Kommunalsjef

Runa Hatlenes Nybakk
Barnehagefagleg rådgjevar


| Postadr.: | Besøksadr: | Telefon / faks: | Bankgiro: | E post: |
|---|---|---|---|---|
| Markegata 51<br>6900 FLORØ | | / | 3775 07 09002 | postmottak@flora.kommune.no<br>Org.nr: MVA |

FLORA
KOMMUNE

KVALITET OG
UTVIKLING

Fylkesmannen i Sogn og Fjordane
Njøsavegen 2

6863 LEIKANGER

| Vår ref. | Dykkar ref. | Dato: |
|---|---|---|
| 12/498-42/K1-223, K2-A10//RUNY | | Florø: 21.03.2013 |

## GJELD KLAGE PÅ MANGLANDE VEDTAK OM KOMMUNALT TILSKOT FOR FURUHAUGANE BARNEHAGE

Til orientering sender vi kopi av brev til Furuhaugane barnehage, gjeldande klage på manglande vedtak om kommunalt tilskot til Furuhaugane barnehage.

Med helsing

Guri Langaas
Kommunalsjef

Runa Hatlenes Nybakk
Barnehagefagleg rådgjevar

**Kopi:**

Kontrollutvalet v/Secom-sekretariatet

Postadr.: Markegata 51, 6900 FLORØ
Besøksadr:
Telefon / faks: /
Bankgiro: 3775 07 09002
E post: postmottak@flora.kommune.no
Org.nr: MVA

SM 27-13

FYLKESMANNEN
I SOGN OG FJORDANE

Sakshandsamar: Kåre Træen
Telefon: 57643004
E-post: fmsfktr@fylkesmannen.no

Vår dato
04.03.2013
Dykkar dato
15.01.2013

Vår referanse
2013/216 - 331.1
Dykkar referanse

Flora kommune
Markegata 51
6900 Florø

## Flora kommune – godkjenning av budsjett 2013 og økonomiplan 2013 – 2016

Flora bystyre har i møtet 13.12.2012, sak nr. 178/12, handsama og vedteke budsjett for 2013 og økonomiplan 2013 – 2016.

Kommunen er innmeldt i Robek (register for kommunar som er underlagt statleg betinga kontroll og godkjenning). Fylkesmannen skal derfor føre kontroll og godkjenne budsjett, økonomiplan og låneopptak.

**Budsjett 2013 og økonomiplan 2013 – 2016 er godkjent.**

**Låneopptak på 72,050 mill. kroner for 2013 er godkjent.**

**Sakshandsaming**
Fylkesmannen har ikkje merknader til kommunen si sakshandsaming. Vi legg til grunn at formannskapet si innstilling til budsjett og økonomiplan, med alle framlegg til vedtak, har lege ute til offentleg gjennomsyn i minimum 14 dagar, jf. kommunelova § 44 nr. 7 og § 45 nr. 3.

**Skatteinntekter/rammetilskot – frie inntekter**
Kommunen har budsjettert med skatt på inntekt og formue og rammetilskot på samla 587,8 mill. kroner. I budsjettet har kommunen teke utgangspunkt i prognosemodellen til Kommunenes Sentralforbund (KS) med folketal 01.07.2012, både for rammetilskot og skatteinntekter med inntektsutjamninga. Auken i skatteinntekter er rekna med grunnlag i tre års gjennomsnitt frå åra 2009 – 2011. Kommunen har budsjettert med ein auka på 3 mill. kroner ut over prognosen. Vedteke statsbudsjett for 2013 har ei forventa inntekt på skatt og rammetilskot til kommunen på 582,6 mill. kroner.

Siste prognosemodellen til KS med grunnlag i nye folketal per 01.01.2013 for skatteinntekter med inntektsutjamning, gjev forventa frie inntekter for kommunen på 582,8 mill. kroner. Differansen mot kommunen sitt budsjett er etter dette – 5 mill. kroner. Årsaka til dette er budsjettert auke utover prognosen og at folketalet i kommunen har utvikla seg svakare i 2012 samanlikna med landet. Kommunen auka med 0,4 % (37 personar), mot landet 1,3 %.

***Fylkesmannen sin kommentar***
*Skatteinntekter og rammetilskot er budsjettert med ein auke på 5,1 mill. kroner utover statsbudsjettet, og 3 mill. kroner meir enn KS sin prognosemodell med folketal 01.07.2012 og gjennomsnittet for 2009 – 2011 som grunnlag for skatteveksten. Siste prognosen til KS har folketal per 01.01.2013 som grunnlag for skatteberekningar. Med svakare utvikling i folketalet enn landet, vil det bety ein svakare prognose for skatteinntekter. Etter at revidert*

*nasjonalbudsjett 2013 er framlagt, må kommunen revidere rammetilskotet og skatteinntektene på formue og inntekt.*

**Driftsresultat og balanse**
Kommunen har i 2013 budsjettert med eit netto driftsresultat på 7,9 mill. kroner, som er 0,9 % av driftsinntektene.

Lønsveksten er budsjettert med 4 %, som i statsbudsjettet. Med unntak for særlege avtalar, er det ikkje lagt inn prisvekst frå 2012 til 2013.

For lånegjelda er det budsjettert med ei flytande rente for refinansiering på 2,7 % og gjennomsnittsrente på 4 %. Renteinntekter er auka med 0,9 mill. kroner som følgje av betre vilkår på ny bankavtale. Utbytte frå Sogn og Fjordane Energi AS er redusert med 2 mill. kroner frå 2012-budsjettet, til 2 mill. kroner i 2013. Som følgje av forventa betre pris på sal av kraft, er gevinst på sal av konsesjonskraft auka med 2 mill. kroner frå revidert budsjett 2012 til 4,5 mill. kroner i 2013. Avdrag er budsjettert etter regelen for minimumsavdrag til 30,8 mill. kroner inklusiv kommunale føretak. Av dette er 25,2 mill. kroner knytt til kommunen sitt budsjett.

I sum er 2013-budsjettet saldert med innsparingstiltak på 15,8 mill. kroner. I tillegg til det som er nemnt om forventning i auka skatteinntekter, omfattar salderinga rammekutt og effektivisering på tenesteområda og rådmannens stab, tilsetjingsregulering, innføre betaling for bruk av kommunens kaier, eigeninnsats investeringsprosjekt, betre innkjøpsavtalar, innsparing for interkommunalt samarbeid landbruk og innsparing samhandlingsreforma. Tiltaka er fordelte ut på rammene for tenesteområda.

***Fylkesmannen sin kommentar***
*Kommunelova § 46 nr. 6 krev at budsjettet skal vere i balanse etter finansieringstransaksjonar og avsetningar og etter § 46 nr. 3 skal budsjettet vere realistisk. Budsjettet skal fastsetjast på grunnlag av dei inntekter og utgifter kommunen kan forvente i budsjettåret. For å oppfylle realismekravet, bør m.a. inntekter budsjetterast etter eit forsiktigheitsprinsipp og at utgifter dekkjer vedteken aktivitet. Etter at bystyret sitt vedtak er følgt opp gjennom at innsparingstiltaka er fordelte til rammeområda, meiner vi at dei vedtekne rammene er tilstrekkelege til å dekkje planlagt aktivitet, omfang og standard for tenestene i kommunen. Etter at revidert nasjonalbudsjett 2013 er framlagt, må kommunen revidere rammetilskotet og skatteinntektene på formue og inntekt.*

**Økonomiplan 2013 – 2016**
For 2014 er salderingstiltaka vidareførte på same nivå som i 2013. Nytt tiltak frå 2014 er *prosjekt tilflytting* som skal ha positiv effekt på frie inntektene (skatt og rammetilskot) med 1 mill. i 2014, aukande til 2 mill. i 2015 og 2,9 mill. kroner i 2016. I 2014 er det avsett 2,5 mill. kroner til disposisjonsfond. Spesifikasjon av innsparingane (auka inntekter og reduserte utgifter) er på tilsvarande nivå som bystyret sitt vedtak for 2013.

***Fylkesmannen sin kommentar***
*Det er kommunelova § 44 som regulerer krav og innhald til ein økonomiplan. I økonomiplanen skal det etter § 44 fjerde ledd for kvart enkelt år vere dekning for utgifter og oppgåver som er ført opp i planen. Kommunelova § 46 sjette ledd konkretiserer dette nærare gjennom at det skal vere budsjettert med eit driftsresultat som minst er tilstrekkeleg til å dekkje renter, avdrag og nødvendige avsetjingar. Med enkelte justeringar ligg det inne føresetnader om at innsparingstiltak som skal gjennomførast i 2013 blir vidareført i økonomiplanen. Nye tiltak som kjem til frå 2014, er av Fylkesmannen vurdert som tilstrekkeleg konkretiserte.*

**Tidlegare års underskot**
Kommunen hadde eit akkumulert underskot per 31.12.2011 på 15,9 mill. kroner. I revidert budsjett for 2012 var det budsjettert med ei inndekning på 8,950 mill. kroner, fordelt på eigen inndekning 6,2 mill. og ekstraordinære skjønnsmidlar 2,750 mill. kroner. Ut i frå dette har kommunen budsjettert med ei inndekning på 7 mill. kroner i 2013. Førebels rekneskap for 2012 viser at kommunen kan dekkje inn heile underskotet i 2012.

**Investeringar og langsiktig gjeld**
Kommunen legg opp til eit investeringsbudsjett for 2013 på 80,7 mill. kroner, fordelt på anleggsmidlar 76 mill., kjøp av aksjar og andelar 4,7 mill. kroner. Finansieringa er nye lån 72 mill. kroner, unytta lånemidlar 4 mill. kroner, overføring frå driftsrekneskapen 4 mill. kroner og sal av eigedom kr 650 000. Av nye låneopptak er 25,2 mill. kroner knytt til investeringar der renter og avdrag skal dekkast av frie inntekter og 46,9 mill. kroner til sjølvfinansierande tiltak.

Det er i kommunen sin økonomplan samla budsjettert med 299 mill. kroner i nye låneopptak, av dette 134 mill. kroner der renter og avdrag blir dekt av frie inntekter. Sum budsjetterte avdrag i perioden er 101 mill. kroner. Kommunen går dermed ut over vedteken investeringsregulering, som betyr at det maksimalt skal takast opp lån der renter og avdrag blir dekt av dei frie inntektene ikkje skal overstige samla minimumsavdrag. Det er 2014 og 2015 at låneopptak der renter og avdrag blir dekt av frie inntekter er meir enn minimumsavdraget.

Som Robek-kommune er det etter kommunelova § 50 nr. 9 krav om at kommunale låneopptak skal godkjennast av departementet i dei høve som gjeld § 60 i kommunelova. Departementet har delegert dette myndet til Fylkesmannen.

Fylkesmannen sitt generelle syn på lånegodkjenning til Robek-kommunar er:
- Budsjett og økonomiplan må vere i balanse og nye låneopptak må vere innarbeidd i budsjett og økonomiplan
- Å berre ta opp lån som er sjølvfinansierande
- Å rå frå opptak av lån som aukar driftsutgiftene

Kommunen må sikre at alle prosjekt som skal førast i investeringsrekneskapen etter forskrift vert rekna som påkosting.

***Fylkesmannen sin kommentar***
*Kommunen har høg lånegjeld samanlikna med inntektene. Gjennomføring av investeringsregulering fører til reduksjon av lånegjeld der renter og avdrag blir dekt av frie inntekter. På sikt vil dette redusere utgifter til renter og avdrag som skal dekkast av frie inntekter, og det blir meir til rådvelde for tenester til innbyggjarane. Men at kommunen ikkje følgjer reguleringa i 2014 og 2015, fører til at ein større del av inntektene igjen blir brukt til renter og avdrag.*

**Robek**
Kommunen blir meldt ut av Robek når bystyret vedtek eit rekneskap der alt underskot er inndekka, og budsjett og økonomiplan er i balanse. Så lenge kommunen er registrert i Robek, ber Fylkesmannen om å få tilsendt bystyret sine saker om økonomirapportering.

***Vedtak***
*Fylkesmannen har føreteke kontroll av Flora kommune sitt budsjett for 2013 og økonomiplanen for 2013 – 2016. Kommunen sitt budsjettvedtak for 2013 og økonomiplan*

*2013 – 2016 er godkjent. Låneopptak blir godkjent med ei samla låneramme på 72 mill. kroner, fordelt på 25,2 mill. kroner til prosjekt finansiert av frie inntekter og 46,8 mill. kroner knytt til sjølvfinansierande prosjekt. Det er eit vilkår at lån blir betalte tilbake i samsvar med reglane i kommunelova § 50 nr. 7 a – avdragstida kan ikkje overstige den vekta levetida for kommunen sine samla anleggsmidlar ved siste årsskifte.*

*Etter kommunelova § 50 nr. 9, jf. departementet si fullmakt av 27.02.2001, godkjenner Fylkesmannen at kommunen kan ta opp eit likviditetslån på inntil kr 8 000 000.*

Med helsing

Anne Karin Hamre

Kåre Træen
seniorrådgjevar

Kopi pr. e-post: Kryss-revisjon, kryss@forde.kommune.no

SM 28-13

KOPI

KRYSS REVISJON
KOMMUNEREVISJONEN I YTRE SOGN OG SUNNFJORD

Dagleg leiar/ Revisjonssjef: Terje Førde, Mobil: 99 22 92 27
terje.forde@kryssrevision.no
postmottak@kryssrevision.no
Bank: 3705.08.27845
Org. nr.: 987 608 064 MVA

Flora Kommune
v/Rådmannen
6900 Florø

| Dykkar ref.: | Vår ref.: | Arkivkode: | Journalnr.: | Dokumentdato: |
|---|---|---|---|---|
| | Kryss/trineflora/spelem.rek./13 | 212D11 | 021/2013 | 01.03.2013 |

**REVISJONSUTTALE – SPELEMIDDELREKNESKAPEN FOR 1401 FLORA KOMMUNE, Anleggsnr 1401 11006202 Nordsjøløypa Hovden, sanitæranlegg – Florø kommune.**

Rekneskapen for ovannemnde nærmiljøanlegg har vore førelagt kommunerevisjonen i Flora kommune for gjennomsyn og kontroll.

Vi har gjennomført dei kontrollhandlingar som er avtala kring slik rapportering. Vårt oppdrag er utført i samsvar med *«ISRS 4400, Avtala kontrollhandlingar»*. Revisjonshandlingane er utført for å bistå kommunen og fylkeskommunen i vurderinga av riktigheita av rekneskapen og for at anlegget er i samsvar med Kulturdepartementet sine retningslinjer i Rundskriv V-0732.

Vi vil oppsummere vårt arbeide slik:
Det ligg føre rekneskapssamandrag for bygging av anlegg for idrett og fysisk aktivitet av 26.02.2013
Prosjektet har ei totalkostnad på kr 699 000,-.
Søknadsgrunnlaget viser ein totalkostnad på kr 615 000,-. Tilsagnsbrevet av 09.06.2011 viser at *Nordsjøløypa Hovden, sanitæranlegg* har fått eit tilskot på kr 205 000,- frå fordeling av midlar til Idrettsanlegg 2011. Prosjektet har mottatt kr 164 000,- i spelemidlar, restutbetaling i prosjektet er på kr 41 000,-. Prosjektet har mottatt kr 309 000,- i gåver og rabattar.

Vi har gjennomført følgjande kontrollhandlingar:
a) inntekter og kostnader vedrørande anlegget, herunder at berre utgifter til tilskotsberettiga element inngår som del av dei tilskotsberettiga kostnadene,
b) utgifter er attestert og anvist av personer med de nødvendige fullmakter,
c) inn- og utbetalingar som vedkjem anlegget er foreteke frå den konto som er oppgjeve for dette føremål,
d) verdien av dugnad, gåver (utanom pengegåver) og rabattar er i samsvar med retningslinjene for verdsettinga av desse postane, og i samsvar med budsjettet som er godkjent av fylkeskommunen, jfr våre merknader ovanfor.
e) dersom det er betalt for arbeid eller material (ytingar) som i søknaden var oppført som dugnad, gåver og/eller rabattar, er verdien av ikkje-betalte utgifter i rekneskapen er ned justert med tilsvarande beløp,
f) rekneskapssamandrag, som sendes fylkeskommunen, er i samsvar med den kontrollerte rekneskapen.
j)Summen av kontantutgifter og fastsatt verdi av gåver, dugnad og rabattar (tilskots berettiga utgifter), utgjør sluttkostnad for anlegget, jfr. det som er nemnt ovanfor

Utover det vi har nemnt i tredje avsnitt ovanfor, har ikkje vi ytterlegare kommentarar til sluttrekneskapen. Vi har gjeve vår påteikning på rekneskapsrapporteringa, med visning til denne melding, og reknar med at kommunen tek rekneskapssaka vidare til fylkeskommunen og dei instansar som elles er berørt i saka.

Florø 01.03.2013

KRYSS REVISJON
KOMMUNEREVISJONEN I
YTRE SOGN OG SUNNFJORD

Trine Vokuhl
Kommunerevisor 1

**Vedlegg:**
Rekneskapssamandrag
Tilsagnsbrev

KOPI: Sogn og Fj. Fylkeskommune - Kulturavdelinga
Økonomiavd
Kontrollutvalet i Flora

SOGN OG FJORDANE FYLKESKOMMUNE

| FLORA KOMMUNE POSTMOTTAK | |
| --- | --- |
| Arkivsaknr.: 10/1938 - 12 | |
| Dato: 10 JUN 2011 | |
| P | S |
| U.off.: | Avskr.: |
| Saksh.: | Kopi: BOKL |

Barekstad og Hovdevåg Grendalag
Barekstad
6916 Barekstad

09.06.2011

*Deres ref.:*

*Saksbehandler:* Guro Høyvik

*Søknadsnr:* 10/02729
*Arkiv nr:*

**FORDELING AV MIDLAR TIL IDRETTSANLEGG 2011 - TILSEGN OM RENTEMIDLER TIL ANLEGGSNR 1401006202 NORDSJØLØYPA HOVDEN, SANITÆRANLEGG - FLORA KOMMUNE.**

Vi viser til søknad om tilskot til nemnde anlegg.

Ved fordeling av spelemidlar vart søknaden imøtekomen med eit tilskot på **kr 205 000.**

Generelle retningslinjer for utbetaling av løyvd tilskot:

1. Det kan søkjast om delutbetaling når anleggsarbeida er kome godt i gang. Søknad om delutbetaling må innehalde eit delrekneskap og ein statusrapport med kommunal stadfesting på framdrifta av anlegget.

2. Løyvd tilskot skal i hovudsak nyttast i tildelingsåret. Tilskot som ikkje vert teke ut innan 2 år etter at tilsegn er gjeve, det vil seie datoen på tilsegnsbrevet, vert inndrege.

3. Sluttutbetaling vert ikkje gjort før kontrollert rekneskap er sendt inn saman med kommunal stadfesting på at anlegget er fullført i samsvar med godkjende planar. Kommunerevisor må kontrollere rekneskap ved tilsegn om tilskot over kr 100 000,-. For kart skal i tillegg eit eksemplar av kartet leggast ved.

4. Alle utbetalingar skjer via den kommunen der anlegget er fysisk plassert.

5. Dersom det gjeld fornying av søknad, skal denne leverast på elektronisk skjema. Orientering om byggearbeidet og førebels rekneskapsoversikt skal leggast med, sjå V-0732. Dersom anlegget er ferdigstilt, skal kontrollert rekneskap leggast ved søknaden.

Vidare viser vi til føresegnene om tilskot til anlegg for idrett og fysisk aktivitet, V-0732.

Postadr.: Kulturavdelinga, Postboks 173, 6801 FØRDE
E-post: postmottak.sentraladm@sfj.no
Tlf.: +47 57656100
Faks: +47 57656101

# Rekneskapssamandrag for bygging av anlegg for idrett og fysisk aktivitet

| | | | |
|---|---|---|---|
| Anlegg: | Nordsjøløypa Hovden .Sanitæranlegg | Anleggsnr.: | 1401006202 |
| Anleggseigar: | Barekstad og Hovdevåg Grendalag | Kommune: | Flora |

Rekneskapen er
○ Delrekneskap
◉ Sluttrekneskap

for perioden frå 07.12.2007 til 12.01.2013

6916 Barekstad
Stad

26/2-13
Dato

[signature]
Underskrift anleggseigar

Anlegget er fullført i samsvar med planen

6900 Florø
Stad

26.02.13
Dato

[signature] Flora kommune
Stempel og underskrift kommune

Rekneskapen er kontrollert. Revisorattest er vedlagt.

6900 Florø
Stad

1.3.13
Dato

KRYSS REVISJON
KOMMUNEREVISJONEN I ... SUNNFJORD
Stempel og underskrift revisor

## Finansiering av anlegget

| | Budsjett i søknaden | Rekneskap |
|---|---|---|
| Tilskot av spelemidlane (utbetalt) | 205 000 | 164 000 |
| Eigenkapital | 85 000 | 101 000 |
| Kommunale tilskot (inkl. ikkje-utbetalte tilskot) | | |
| Fylkeskommunale tilskot (inkl. ikkje-utbetalte tilskot) | | |
| Private tilskot, kontantar | | |
| Andre tilskot | | |
| Lån | | |
| **Sum kontantinntekter** | 290 000 | 265 000 |
| | | |
| Gåver, rabattar | 280 000 | 309 000 |
| Dugnad | 45 000 | 84 000 |
| **Sum samla finansiering i søknaden** | 615 000 | |
| | | |
| Ikkje-utbetalte spelemidlar | | 41 000 |
| Andre utestående fordringar | | |
| | | |
| **Sum samla finansiering i rekneskapen** | | 699 000 |

**Kulturdepartement**
**Idrettsavdelingen**
**Postboks 8030 Dep, 0030 Oslo**
**Telefon 22 24 80 64**
**Telefaks 22 24 95 52**
postmottak@kud.dep.no

KULTURDEPARTEMENTET

Namn på anlegget: Nordsjøløypa Hovden Sanitæranl
Anleggsnr. 1401006202

## Utgifter

**Hovudpostane i rekneskapen skal vere dei same som postane i det godkjende budsjettet.**
**Før inn tala frå kostnadsoverslaget.**

| | Hovudpost | Budsjett i søknaden | | | | Rekneskap | | | | |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| | | 1) Sum kjøpte varer og tenester | 2) Mva. på kjøpte varer og tenester | 3) Verdi av dugnad, gåver og rabattar | Sum totalverdi 1+2+3 | Kjøpte varer og tenester | Betalt mva. | Sum betalte utgifter | Verdi av dugnad, gåver og rabattar | Sum totalverdi |
| **Utgifter som gir rett til tilskot** | | | | | | | | | | |
| 1 | Bygningskropp uinnreda | | | 250 000 | 250 000 | | | 0 | 309 000 | 309 000 |
| 2 | Septikt.utslepp sjø .Vatn | 51 200 | 12 800 | | 64 000 | 49 146 | 12 286 | 61 432 | | 61 432 |
| 3 | VVS:Install. og utstyr | 61 600 | 15 400 | | 77 000 | 79 153 | 19 789 | 98 942 | | 98 942 |
| 4 | Elektrisk anlegg | 26 400 | 6 600 | | 33 000 | 29 370 | 7 343 | 36 713 | | 36 713 |
| 5 | Matriell innredn.m.m. | 98 400 | 24 600 | | 123 000 | 102 456 | 25 659 | 128 115 | | 128 116 |
| 6 | Gebyr søknader,tinglysing | 4 000 | 1 000 | | 5 000 | 1 548 | | 1 548 | | 1 548 |
| 7 | Fraktkostnader | 4 800 | 1 200 | | 6 000 | 240 | 60 | 300 | | 300 |
| 8 | Uforutsette kostnader | 9 600 | 2 400 | | 12 000 | 31 142 | 7 709 | 38 851 | | 38 851 |
| 9 | Dugnad eks El og VVS | | | 45 000 | 45 000 | | | 0 | 84 000 | 84 000 |
| 10 | | | | | 0 | | | 0 | | 0 |
| 11 | | | | | 0 | | | 0 | | 0 |
| 12 | | | | | 0 | | | 0 | | 0 |
| 13 | | | | | 0 | | | 0 | | 0 |
| 14 | | | | | 0 | | | 0 | | 0 |
| 15 | | | | | 0 | | | 0 | | 0 |
| 16 | | | | | 0 | | | 0 | | 0 |
| 17 | | | | | 0 | | | 0 | | 0 |
| 18 | | | | | 0 | | | 0 | | 0 |
| 19 | | | | | 0 | | | 0 | | 0 |
| 20 | | | | | 0 | | | 0 | | 0 |
| 21 | | | | | 0 | | | 0 | | 0 |
| 22 | | | | | 0 | | | 0 | | 0 |
| 23 | | | | | 0 | | | 0 | | 0 |
| 24 | | | | | 0 | | | 0 | | 0 |
| 25 | | | | | 0 | | | 0 | | 0 |
| 26 | | | | | 0 | | | 0 | | 0 |
| 27 | | | | | 0 | | | 0 | | 0 |
| 28 | | | | | 0 | | | 0 | | 0 |
| 29 | | | | | 0 | | | 0 | | 0 |
| 30 | | | | | 0 | | | 0 | | 0 |
| Sum | | 256 000 | 64 000 | 295 000 | 615 000 | 293 055 | 72 846 | 365 901 | 393 000 | 758 901 |
| **Utgifter som ikkje gir rett til tilskot** | | | | | | | | | | |
| 1 | | | | | - | | | - | | - |
| 2 | | | | | - | | | - | | - |
| 3 | | | | | - | | | - | | - |
| 4 | | | | | - | | | - | | - |
| 5 | | | | | - | | | - | | - |
| 6 | | | | | - | | | - | | - |
| 7 | | | | | - | | | - | | - |
| 8 | | | | | - | | | - | | - |
| 9 | | | | | - | | | - | | - |
| 10 | | | | | - | | | - | | - |
| 11 | | | | | - | | | - | | - |
| 12 | | | | | - | | | - | | - |
| 13 | | | | | - | | | - | | - |
| 14 | | | | | - | | | - | | - |
| 15 | | | | | - | | | - | | - |
| S[illegible] | | - | - | - | - | - | - | - | - | - |
| S[illegible]a utgifter | | | | | 615 000 | | | 365 901 | | 758 901 |

**Felt som skal fyllast ut ved søknad om mva-kompensasjon:**

| | |
|---|---|
| Betalt mva.* | 72846 |
| Frådragsgodkjend mva.* | |
| Mva. det kan søkjast om kompensasjon for | 72846 |

* Betalt mva. for utgifter som gir rett til tilskot
* Frådragsgodkjend mva. er inngåande mva. som kan førast som frådrag i det ordinære avgiftsoppgjeret for dei søkjarane som er registrert i mva-registeret

29/13

KRYSS REVISJON
KOMMUNEREVISJONEN I
YTRE SOGN OG SUNNFJORD

Dagleg leiar/ Revisjonssjef: Terje Førde, Mobil: 99 22 92 27
terje.forde@kryssrevisjon.no
postmottak@kryssrevisjon.no
Bank: 3705.08.27845
Org. nr.: 987 608 064 MVA

Alden Hamneområde
Rådsmøtet
v/leiar Vidar Grønnevik

6900 FLORØ

| *Dykkar ref.:* | *Vår ref.:* | *Arkivkode:* | *Journalnr.:* | *Dokumentdato:* |
|---|---|---|---|---|
| Rekneskap 311212 | f:\\alden hamneområde\beretning2012 | 210P01&14 | 032 / 2013 | 7. april 2013 |

**REVISJONSBERETNING 2012 – ALDEN HAMNEOMRÅDE**

Vi har revidert rekneskapen for det interkommunale hamneføretaket *Alden Hamneområde* for 2012. Rekneskapen er ført som del av rekneskapen til det kommunale hamneføretaket i Flora kommune, Flora Hamn KF, under eige ansvars-/tenesteområde med nemninga «Alden Hamneområde». Rekneskapen for 2012 er gjort opp i balanse etter at det er teke omsyn til finanspostar. Det er i 2012 avsett kr. 1.591.797,07. Beløpet kjem fram som eit bunde driftsfond i balanserekneskapen til Flora Hamn KF, balansepost 2510003, pr. 31.12.12, med nemninga «Fond anløp». Av årsmeldinga går det fram at avsetninga er tenkt nytta til ulike tryggingstiltak i hamneområdet. Det vert vist til årsmeldinga frå Rådet, d. 02.04.13.

*Leiinga sitt ansvar for rekneskapsoppstillinga*

Leiinga er ansvarleg for å utarbeide rekneskapsoppstillinga og for at den gjev ei dekkande framstilling i samsvar med krav i lov og forskrift som er relevante for å utarbeide ei slik rekneskapsoppstilling, og for slik intern kontroll som leiinga finn nødvendig for å gjere det mogleg å utarbeide eit rekneskap som ikkje inneheld vesentlig feilinformasjon, korkje som følgje av misleghald eller feil.

*Revisor sine oppgåver og plikter*

Vår oppgåve er å gje uttrykk for ei meining om rekneskapsoppstillinga på bakgrunn av vår revisjon. Vi har gjennomført revisjonen i samsvar med dei internasjonale revisjonsstandardane. Desse standardane krev at vi etterlever etiske krav og planlegg og utfører revisjonen for å oppnå betryggande sikkerheit for at rekneskapsoppstillinga ikkje inneheld vesentlig feilinformasjon.

Ein revisjon inneheld utføring av handlingar for å innhente revisjonsbevis for beløpa og opplysningane i rekneskapsoppstillinga. Dei valde handlingane er avhengig av revisor sitt skjønn, herunder vurderingar av risiko for at rekneskapsoppstillinga inneheld vesentlig feilinformasjon, enten det skuldast misleghald eller feil. Ved slik risikovurdering tek revisor omsyn til den interne kontrollen som er relevant for

Alden Hamneområde si utarbeiding av ei rekneskapsoppstilling som gjev eit rettvisande bilete, med det føremål å utforme revisjonshandlingar som er hensiktsmessige etter omstenda, men ikkje for å gje uttrykk for ei meining om effektiviteten av Alden hamneområde sin interne kontroll. Ein revisjon omfatter også ei vurdering av om dei nytta rekneskapsprinsippa er hensiktsmessige, og om eventuelle rekneskapsestimat utarbeida av leiinga er rimelege, samt ei vurdering av den generelle presentasjonen av rekneskapen.

Etter vår oppfatning er innhenta revisjonsbevis tilstrekkelege og hensiktsmessige som grunnlag for vår uttale og konklusjon.

**Konklusjon**

Vi meiner å kunne gje uttrykk for at vi ikkje kan sjå at rekneskapen er i strid med samarbeidsavtaler, vedtak, vedtekne vedtekter eller føremål for det interkommunale hamneføretaket. Alden Hamneområde er organisert etter Kommunelova § 27, der den løpande drifta i tillegg vert regulert etter gjeldande vedtekter og særskild Lov om Hamner og Farvatn.

Vi meiner at rekneskapsoppstillinga pr. 31.12.2012, saman med Rådet si årsmelding for 2012, gjev ei dekkande framstilling av driftsresultatet i 2012 og for den finansielle stillinga til Alden Hamneområde pr. 31. desember 2012; som er i samsvar med krava i det rammeverket for finansiell rapportering som er gjeldande og relevante for utarbeidinga av rekneskapsoppstillinga og presentasjonen av denne.

Florø den 7. april 2013

Kommunerevisjonen
Ytre Sogn og Sunnfjord
Postb. 187, 6801 Førde

Terje Førde
Dagleg leiar/Revisjonssjef

Alden hamneområde

# REKNESKAPSÅRET 2012

## Alden hamneområde

Rådet si årsmelding 2012

Årsrekneskap
- Resultat rekneskap
- Budsjett
- Noter

Florø, den 26.03.2013

Vidar Grønnevik
Rådsleiar

Alden hamneområde er eit samarbeidsprosjekt mellom kyst- og fjordkommunar i Ytre Sogn og Sunnfjord; Askvoll, Fjaler, Flora, Førde, Gaular, Hyllestad og Naustdal.

# Alden hamneområde

Alden hamneområde vart etablert hausten 2011 og starta verksemda 1. januar 2012, samtundes med at den nye Lov om Hamnar og Farvatn tok til å gjelde fullt ut.

Arbeidet er organisert som eit § 27 samarbeid, som skal sikre at kommunane får oppfylt sine krav, samstundes som ein får utnytte stordriftsfordelane og spisskompetansen som finnast i eksisterande organisasjoner.

Flora Hamn KF krev inn anløpsavgift for medlemskommunane og står som operatør for planlegging, utføring og dokumantasjon av tiltak som har med tryggleik i sjøområdet som er omfatta av hamneområdet.

Flora Hamn KF tek og ein del sakshandsaming etter Lov om Hamner og Farvatn for kommunane som er med i samarbeidet.

Samarbeidet har fungert godt og det har vore to rådsmøter i 2012.

Samarbeidet ledast av eit råd beståande av ein representant frå kvar kommune som er med i samarbeidet. Vidar Grønnevik er valt som leiar for rådet.

Monica Sande frå Bremanger kommune er inn leigd i inntil 50 % stilling i samarbeidet. Ho er og sekretæriatsleiar for samarbeidet.

**Økonomiske resultat 2012**

Alden hamneområde hadde ei omsetning i 2012 på Kr. 4 913 632

Årsresultatet enda i 2012 på Kr 1 591 797 før avsetnad til tryggleikstiltak.
Det er i rekneskapsåret 2012 utplassert lett redningsmateriell på mykje brukte badeplassar i Førde og Flora kommunar og medlemskommunane er utfordra til å komme opp med konkrete behov for utplassering av denne type materiell.

Positivt netto driftsresultat i 2012 på Kr 1 591 797 skal nyttast til konkrete tryggleikstiltak i hamneområdet, som utdjuping, merking, tryggleiksmateriell m.m. og vert difor avsett til slikt formål i rekneskapet.

Styret vurderer økonomien i Alden hamneområde til å være sunn ved utgangen av 2012 og forventningane for 2013 er at denne situasjonen vil vedvare også dette året.

**Arbeidsmiljø**

Arbeidsmiljøet vert vurdert som tilfredsstillande.
Det er ikkje rapportert om skader eller ulukker på arbeidsplassen som har medført sjukefråver i 2012.

**Likestilling**

Alden hamneområde har i 2012 ikkje hatt tilsette, då det er tilsette i KF Flora Hamn og Bremanger Hamn som har utført oppgåvene slik at kostandane med desse er fordelt i forhold til oppgåvefordelinga.
Rådet har hatt sju medlemmar, derav ei kvinne og seks menn. Styreleiar er mann.

**Forsking og utvikling**

Det er ikkje gjennomført forskings- og utviklingsaktivitetar i selskapet i 2012.

# Alden hamneområde

Florø, den 02.04.2013.

| | | |
|---|---|---|
| Vidar Grønnevik<br>Rådsleiar | Margun Hyenes<br>Nestleiar | Bernhard Øberg<br>Rådsmedlem |
| Fritz Hugøy<br>Rådsmedlem | Magnar Hellebust<br>Rådsmedlem | Gudmund Solheim<br>Rådsmedlem |
| Steinar Kvame<br>Rådsmedlem | | |

# Alden hamneområde

DRIFTSREGNSKAP 2012 ALDEN HAMNEOMRÅDE

| **FLORA HAMN KF**<br>**Alden hamneområde** | **Regnskap 2012** | **Buds(end) 2012** | **Budsjett 2012** |
|---|---|---|---|
| 9010 Lønn og sosiale kostnader | 1 687 633,94 | 1 593 000 | 1 575 000 |
| 9100 Forbruk drift | 957 408,41 | 1 007 000 | 193 000 |
| 9150 Kurs,reisr og transport | 72 031,66 | 85 000 | 85 000 |
| 9180 Bygg,drift og avgifter | 158 898,80 | 135 000 | 65 000 |
| 9200 Bygg,vedlh,inventar,edb | 182 850,79 | 380 000 | 355 000 |
| 9300 Kjøp av tenester | 263 011,45 | 230 000 | 537 000 |
| 9400 Overføringer/tilskot | - | - | 394 000 |
| 9500 Finansutgifter | 1 591 797,07 | 1 490 000 | 1 716 000 |
| **Sum utgifter** | 4 913 632,12 | 4 920 000 | 4 920 000 |
| | | | |
| 9600 Salsinntekter | (4 913 632,12) | (4 920 000) | (4 920 000) |
| **Sum inntekter** | (4 913 632,12) | (4 920 000) | (4 920 000) |
| | | | |
| **Alden hamneområde** | - | - | - |
| | | | |
| **Sakhandsaming etter hamne og farvannslova** | | | |
| 9010 Lønn og sosiale kostnader | 244 333,53 | 248 000 | 248 000 |
| 9100 Forbruk drift | - | 20 000 | 20 000 |
| 9200 Bygg,vedlh,inventar,edb | 3 760,00 | - | - |
| **Sum utgifter** | 248 093,53 | 268 000 | 268 000 |
| | | | |
| 9600 Salsinntekter | (248 093,53) | (268 000) | (268 000) |
| **Sum inntekter** | (248 093,53) | (268 000) | (268 000) |
| | | | |
| **Sakhandsaming etter h&f** | - | - | - |

# Budsjettkontroll 31.12. 2012

| | Alden hamneområde Anløp 2012 | Januar | Februar | Mars | April | Mai | Juni | Juli | August | September | Oktober | November | Desember | Jan - Des |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| Regnskap | Løn og sos.kostnader | 124 065 | 138 186 | 151 463 | 132 415 | 156 255 | 66 064 | 139 460 | 120 886 | 166 179 | 143 358 | 146 818 | 202 485 | 1 687 634 |
| Budsjett | Løn og sos.kostnader | 137 000 | 137 000 | 137 000 | 137 000 | 137 000 | 13 000 | 137 000 | 137 000 | 137 000 | 137 000 | 137 000 | 210 000 | 1 593 000 |
| Regnskap | Forbruk drift | 673 632 | 10 083 | 11 568 | 61 716 | 36 124 | 63 623 | 2 003 | 14 128 | 21 137 | 21 197 | 11 605 | 30 593 | 957 408 |
| Budsjett | Forbruk drift | 660 000 | 16 000 | 16 000 | 60 000 | 35 000 | 70 000 | 16 000 | 25 000 | 16 000 | 30 000 | 33 000 | 30 000 | 1 007 000 |
| Regnskap | Reiser og transport | 1 940 | 5 759 | 3 157 | 6 797 | 5 343 | 1 084 | 3 874 | 16 736 | -872 | 6 512 | 12 001 | 9 704 | 72 033 |
| Budsjett | Reiser og transport | 7 000 | 7 000 | 7 000 | 7 000 | 7 000 | 7 000 | 7 000 | 7 000 | 7 000 | 7 000 | 7 000 | 8 000 | 85 000 |
| Regnskap | Bygg,drift og avgifter | -170 | 1 997 | 2 070 | 4 104 | 2 991 | 60 541 | -214 | -349 | 3 081 | 3 722 | 20 752 | 60 375 | 158 899 |
| Budsjett | Bygg,drift og avgifter | 5 000 | 6 000 | 5 000 | 6 000 | 5 000 | 6 000 | 5 000 | 6 000 | 5 000 | 6 000 | 5 000 | 75 000 | 135 000 |
| Regnskap | Bygg,vedlh,inventar | 14 175 | 24 932 | 6 875 | 925 | 903 | 20 869 | 5 055 | 5 829 | 75 327 | 24 080 | 878 | 3 003 | 182 851 |
| Budsjett | Bygg,vedlh,inventar | 29 000 | 30 000 | 29 000 | 30 000 | 29 000 | 30 000 | 29 000 | 30 000 | 54 000 | 30 000 | 30 000 | 30 000 | 380 000 |
| Regnskap | Kjøp av tenester | 6 544 | 6 544 | 23 667 | - | 5 584 | 49 208 | 5 584 | 11 167 | 36 650 | 11 168 | - | 106 896 | 263 011 |
| Budsjett | Kjøp av tenester | 10 000 | 10 000 | 10 000 | 10 000 | 24 000 | 46 000 | 10 000 | 10 000 | 40 000 | 10 000 | 5 000 | 45 000 | 230 000 |
| Regnskap | Finansutgifter | - | - | 252 | - | | 229 | | | -269 | - | - | 1 591 585 | 1 591 797 |
| Budsjett | Finansutgifter | - | - | - | - | - | 383 000 | - | - | - | - | - | 1 107 000 | 1 490 000 |
| Regnskap | SUM utgift | 820 185 | 187 500 | 199 053 | 205 956 | 207 199 | 261 618 | 155 762 | 168 398 | 301 233 | 210 035 | 192 054 | 2 004 641 | 4 913 634 |
| Budsjett | SUM utgift | 848 000 | 206 000 | 204 000 | 250 000 | 237 000 | 555 000 | 204 000 | 215 000 | 259 000 | 220 000 | 217 000 | 1 505 000 | 4 920 000 |
| Regnskap | Salgsinntekter | -272 955 | -291 116 | -402 912 | -350 025 | -432 670 | -483 386 | -475 422 | -466 632 | -482 589 | -411 772 | -427 713 | -416 440 | -4 913 632 |
| Budsjett | Salgsinntekter | -410 000 | -410 000 | -410 000 | -410 000 | -410 000 | -410 000 | -410 000 | -410 000 | -410 000 | -410 000 | -410 000 | -410 000 | -4 920 000 |

**Mindreforbruk Alden hamneområde 2012 kr 1.591.797,07 er sett av til bunde fond.**

| | Alden hamneområde Sakbehandling 2012 | Januar | Februar | Mars | April | Mai | Juni | Juli | August | September | Oktober | November | Desember | Jan - Des |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| Regnskap | Løn og sos.kostnader | 23 113 | 23 046 | 23 041 | 23 013 | 23 069 | 820 | 22 951 | 11 310 | 22 259 | 23 617 | 24 150 | 23 944 | 244 334 |
| Budsjett | Løn og sos.kostnader | 22 000 | 23 000 | 22 000 | 23 000 | 22 000 | 2 000 | 23 000 | 22 000 | 23 000 | 22 000 | 22 000 | 22 000 | 248 000 |
| Regnskap | Forbruk drift | - | - | - | - | - | - | - | - | - | - | - | - | - |
| Budsjett | Forbruk drift | 2 000 | 2 000 | 2 000 | 1 000 | 2 000 | 1 000 | 1 000 | 1 000 | 2 000 | 2 000 | 2 000 | 2 000 | 20 000 |
| Regnskap | Reiser og transport | - | - | - | - | - | - | - | - | - | - | - | - | - |
| Budsjett | Reiser og transport | - | - | - | - | - | - | - | - | - | - | - | - | - |
| Regnskap | Bygg,drift og avgifter | - | - | - | - | - | - | - | - | - | - | - | - | - |
| Budsjett | Bygg,drift og avgifter | - | - | - | - | - | - | - | - | - | - | - | - | - |
| Regnskap | Bygg,vedlh,inventar | 3 760 | - | - | - | - | - | - | - | - | - | - | - | 3 760 |
| Budsjett | Bygg,vedlh,inventar | - | - | - | - | - | - | - | - | - | - | - | - | - |
| Regnskap | Kjøp av tenester | - | - | - | - | - | - | - | - | - | - | - | - | - |
| Budsjett | Kjøp av tenester | - | - | - | - | - | - | - | - | - | - | - | - | - |
| Regnskap | Finansutgifter | - | - | - | - | - | - | - | - | - | - | - | - | - |
| Budsjett | Finansutgifter | - | - | - | - | - | - | - | - | - | - | - | - | - |
| Regnskap | SUM utgift | 26 873 | 23 046 | 23 041 | 23 013 | 23 069 | 820 | 22 951 | 11 310 | 22 259 | 23 617 | 24 150 | 23 944 | 248 094 |
| Budsjett | SUM utgift | 24 000 | 25 000 | 24 000 | 24 000 | 24 000 | 3 000 | 24 000 | 23 000 | 25 000 | 24 000 | 24 000 | 24 000 | 268 000 |
| Regnskap | Salgsinntekter | - | -1 000 | -2 000 | -1 000 | -5 000 | -2 000 | -1 000 | - | -1000 | -2 000 | -3 000 | -230 094 | -248 094 |
| Budsjett | Salgsinntekter | -22 000 | -22 000 | -22 000 | -22 000 | -23 000 | -23 000 | -22 000 | -23 000 | -23 000 | -22 000 | -22 000 | -22 000 | -268 000 |

**Meirforbruk sakbehandling kr 230.093,53 er dekka av Flora hamn**

SM 30-13

FLORA
KOMMUNE

| Saksgang | Møtedato | Saksnr |
|---|---|---|
| Bystyret | 09.04.2013 | 016/13 |

**Sakshandsamar:**
Ester Frøyen

**Arkiv:** MØTE-nummer **Arkivsaknr**
**Objekt:** 13/726

# REFERERTE SKRIV OG MELDINGAR

**Refererte skriv og meldingar:**

| Nr | Dok.ID | T | Dok.dato | Avsendar/Mottakar | Tittel |
|---|---|---|---|---|---|
| 1 | 13/3137 | I | 04.03.2013 | SEKOM-sekretariat | Kontrollutvalsak 010/13 Eigenvurdering revisor sin ubundenskap |
| 2 | 13/3773 | I | 14.03.2013 | Sogn og Fjordane fylkeskommune | Tilsegn om tilskot til kommunale næringsfond og stimuleringstilskot for 2013 |
| 3 | 13/3585 | I | 04.03.2013 | Fylkesmannen i Sogn og Fjordane | Flora kommune - godkjenning av budsjett 2013 og økonomiplan 2013-2016 |
| 4 | 13/4518 | I | 31.03.2013 | Grendalaget i Barekstad/Hovdevåg v/Kjell Ivar Høyvik | Båtrutestopp som ikkje vert utført i Florabassenget |

## FRAMLEGG TIL VEDTAK:

Refererte skriv og meldingar vert tekne til etterretning slik dei ligg føre

**09.04.2013 BYSTYRET**

Repr.Kristensen,H og Tonheim,AP stilte begge spørsmål ved referat nr.4.

Rådmannen svara at det er rett at det i høve avtalen med Fjord1 kan bli omdisponering av båtmateriell i høve ambulanseoppdrag.

***Røysting:***
Refererte skriv og meldingar vart samrøystes tekne til vitande slik dei låg føre.

**BYST-016/13 VEDTAK:**

Refererte skriv og meldingar vart samrøystes tekne til vitande slik dei låg føre.

**022/13 ÅRSREKNESKAPEN 2012 – HAVHESTEN FLORA KOMMUNE KF**

**Sakshandsamar:** Asgeir Tveit. SEKOM- sekretariat
**Dato:** 11.04.2013

| **Utval** | **Dato** | **Utv.-Saksnr.** | **Status** | **Vedtaks-organ** |
|---|---|---|---|---|
| Kontrollutval | 19.04.2013 | 022/13 | - | Nei |
| Formannskap | | - | - | Nei |
| Bystyret | | - | - | Ja |

**Saksvedlegg.**

- Revisjonsmelding frå KRYSS- revisjon datert 09.04.2013.
- Årsrekneskap for 2012 med notar.
- Årsmelding 2012.

**Andre dokument i saka (ikkje vedlagt):**

- Kommunelova.
- Kommunale budsjett- og rekneskapsforskrifter.

**Tilråding frå sekretariat til kontrollutvalet:**

- Kontrollutvalet viser til revisjonsmelding datert 09.04.2013.
- Kontrollutvalet har ikkje, med vising til den presisering revisor har i revisjonsmeldinga, merknader til at rekneskapen vert godkjent slik han ligg føre.

**KONTROLLUTVALET SI FRÅSEGN TIL BYSTYRET:**

Saksutgreiing

**ÅRSREKNESKAPEN 2012 – HAVHESTEN FLORA KOMMUNE KF**

Sakshandsamar: SEKOM-sekretariat v/Asgeir Tveit

**Innleiing – Kva saka gjeld**

Presentasjon og godkjenning av årsrekneskapen 2012 for Havhesten Flora kommune KF.

**Saksopplysningar:**

Årsrekneskapen er avgjeven av rekneskapsførar og dagleg leiar og viser netto driftsresultat på kr. 497.508,62. Av dette resultatet er kr.. 479.586,86 overført til investeringsrekneskapen. Rekneskapen er gjort opp med ein mindre forbruk på kr. 17.921,76.

Investeringsrekneskapen er gjort i balanse.

Revisor har ei presisering til den avlagde rekneskapen. Det vert vist til revisjonsmeldinga.

Det vert elles vist til årsmeldinga, som gjev fyldig informasjon om økonomien og drifta av selskapet.

I alle rekneskapssaker er det formannskapet som gjev innstilling/tilråding til bystyret. Formannskapet gjev innstilling/tilråding når revisjonsmelding føreligg og kontrollutvalet har gjeve sin uttale.

I revisjonsmeldinga kjem det til uttrykk at årsrekneskapen er avlagt i samsvar med lov og forskrifter og gjev eit uttrykk for føretaket si økonomiske stilling pr. 31.12.2012.

Det vert vist til revisjons meldinga.

**Sekretariatet sine vurderingar:**

SEKOM-sekretariat viser til rekneskapen, revisjonsmelding og til det som elles ligg føre av dokument i saka. Vi vurderer det slik at kontrollutvalet kan tilrå bystyret, med vising til den presiseringa revisor har, å godkjenne rekneskapen slik han ligg føre.

KRYSS REVISJON
KOMMUNEREVISJONEN I
YTRE SOGN OG SUNNFJORD

Dagleg leiar/ Revisjonssjef: Terje Førde, Mobil: 99 22 92 27
terje.forde@kryssrevisjon.no
postmottak@kryssrevisjon.no
Bank: 3705.08.27845
Org. nr.: 987 608 064 MVA

Kopi:
Kontrollutvalet
Formannskapet
Rådmann
Dagleg leiar,Havhesten Flora kommune KF

Flora Bystyre
v/Ordførar
6900 Florø

| Dykkar ref.: | Vår ref.: | Arkivkode: | Journalnr.: | Dokumentdato: |
|---|---|---|---|---|
| 31.12.2012 | Flora/Havhesten /2012 | 210D2 | 034 / 2013 | 9. april 2013 |

## REVISJONSBERETNING, HAVHESTEN FLORA KOMMUNE KF 2012

### Uttale om årsrekneskapen

Vi har revidert særrekneskapen for Havhesten Flora kommune KF, som består av balanse pr. 31.12.2012, driftsrekneskap som viser eit netto driftsresultat (overskot) på kr 497.508,62. Etter at det er teke omsyn til interne finansieringstransaksjonar, der det er overført kr. 479.586,86 til investeringsrekneskapen, er årsrekneskapen for 2012 gjort opp med eit rekneskapsmessig mindreforbruk på kr. 17.921,76. Beløpet er framført som unytta ved årsskiftet. I rekneskapen inngår inndekking av kr. 291.678,10, som ved inngangen til 2012 framstod som udekka i investeringsrekneskapen. Inndekkinga er i tråd med regulert investeringsbudsjett for 2012. Det ligg og føre økonomiske oversikter for drift og investering og ei beskriving av vesentlege nytta rekneskapsprinsipp og andre noteopplysningar til rekneskapen pr. 31.12.12.

*Styret og dagleg leiar sitt ansvar for årsrekneskapen*

Styret og dagleg leiar er ansvarleg for å utarbeide særregnskapen for det kommunale føretaket, og for at det gjev ei dekkande framstilling i samsvar med lov, forskrift og god kommunal regnskapsskikk, og for slik intern kontroll som styret og dagleg leiar finn nødvendig for å mogleggjere utarbeidinga av eit særrekneskap som ikkje inneheld vesentleg feilinformasjon, korkje som følgje av mislegheiter, feil eller manglar.

*Revisor sine oppgåver og plikter*

Vår oppgåve er å gje uttrykk for ei meining om denne særrekneskapen på bakgrunn av vår revisjon. Vi har gjennomført revisjonen i samsvar med lov, forskrift og god kommunal revisjonsskikk i Noreg, her under International Standards on Auditing. Revisjonsstandardene krev at vi etterlever etiske krav og planlegger og gjennomfører revisjonen for å oppnå betryggande sikkerheit for at årsrekneskapen ikkje inneheld vesentleg feilinformasjon.

Revisjon inneber utføring av revisjonshandlingar for å innhente revisjonsbevis for beløpa og opplysningane i årsrekneskapen. Dei valde handlingane avhenger av revisor sitt skjønn, herunder vurderingane av risikoane for at særrekneskapen inneheld vesentleg feilinformasjon, enten det skuldast misligheiter, feil eller manglar. Ved ein slik risikovurdering tek revisor omsyn til den interne kontrollen som er relevant for føretaket si utarbeiding av eit særrekneskap som gjev ei dekkande framstilling. Føremålet er å utforme revisjonshandlingar som er hensiktsmessige etter omstendigheitene, men ikkje for å gje uttrykk for ei meining om effektiviteten av føretaket sin interne kontroll. Ein revisjon omfattar også ei vurdering av om dei nytta rekneskapsprinsippa er hensiktsmessige og om rekneskapsestimata som er utarbeida av leiinga er rimelege, samt ei vurdering av den samla presentasjonen av sær-rekneskapen.

Etter vår oppfatning er innhenta revisjonsbevis tilstrekkelege og hensiktsmessige som grunnlag for vår konklusjon.

*Konklusjon*

Etter vår meining er årsrekneskapen avlagt i samsvar med lov og forskrifter og gjev ei dekkande framstilling av den finansielle stillinga til Havhesten Flora kommune KF pr. 31.12.2012, og av resultatet for rekneskapsåret som blei avslutta 31.12.2012, i samsvar med lov, forskrift og god kommunal rekneskapsskikk.

**Uttale om øvrige forhold**

*Konklusjon om særbudsjett*

Basert på vår revisjon av særrekneskapen som beskrive ovanfor, meiner vi at dei disposisjonar som ligg til grunn for særrekneskapen er i samsvar med budsjettvedtak, og at beløpa i særrekneskapen stemmer med regulert budsjett; jamfør vår *presisering* her:

*Presisering:*
